

2026



Bokn kommune

Budsjett 2026 økonomiplan 2026 - 29

Innhald

KOMMUNEDIREKTØRENS FRAMLEGG TIL VEDTAK	4
ØKONOMISKE OVERSIKTAR	6
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art – Drift	6
§ 5-4 1.ledd - Bevilgningsoversikt - Drift (1A)	7
§ 5-4 2.ledd - Bevilgningsoversikt Drift – fordeling pr. eining (1B)	8
§ 5-5 1. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2A)	9
§ 5-5 2. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2B)	10
Langsiktig investeringsplan 2026 – 2035	11
§ 5 -7 - Oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser	12
KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING	13
MÅLSETTINGAR I ØKONOMIPLANEN	14
TENESTER	15
KOMMUNEØKONOMI – FINANSIELLE MÅLTAL	16
FORUTSETNINGAR OG RAMMEBETINGELSAR	20
Budsjettgrunnlag for perioden 2026 – 2029	20
Demografiske rammer	21
Skatt og rammetilskot – frie inntekter	25
Havbruksfond	28
Eigedomsskatt	28
Gjennomgang av dei enkelte rammeområda	30
Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon	30
IKT	30
Politisk styring og kontrollorgan	32
Kontroll- og kvalitetsutvalet	32
Den norske kyrkja og kyrkjegard	32
Næring	32
Arbeid med plan - og reguleringsarbeid	33
Kultur	34
Rammeområde 2 – Oppvekst	37
Driftsbudsjett og ramme	37
Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden	37
Rammeområde 3 – Seksjon Helse, pleie og omsorg	43

Om tenesteområdet	43
Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden	43
Nye tiltak og innsparingar – kommunalsjefen si vurdering.....	45
Kva tiltak/effektiviseringsgevinstar er innarbeidd i budsjettet.....	49
Gjeldande planar og planstatus.....	52
Rammeområde 4 – Seksjon Sosial og Barnevern	54
Sosial.....	54
Barneverntenesta	55
Rammeområde 6 – Seksjon Teknisk.....	57
Om tenesteområdet	57
Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden	58
Nye tiltak og innsparingar – kommunalsjefen si vurdering.....	59
Nye investeringsprosjekta 2026 - 2035:.....	60
Andre investeringsprosjekta 2026 – 2035 (frå tidlegare budsjettframlegg):.....	61

KOMMUNEDIREKTØRENS FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2026 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 116.063.000 på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	24.626.000
Rammeområde 2 Oppvekst	37.410.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	40.634.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	3.807.000
Rammeområde 6 Teknisk	9.586.000

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentrale inntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenestoområde.
4. Kommunestyret vedtek nye tiltak i 2026 – 2029 ihht skjema 2A
5. Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med inntil kr 8.000.000 ved behov. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.
6. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2026 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.
7. Bokn kommune sine gebyrinntekter for vatn, avlaup og slam skal over tid dekke samla sjølvkost på området.
8. Kommunedirektøren gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
9. Kommunedirektøren gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.
10. Kommunedirektøren gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet.
11. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2026 og økonomiplanperioden 2027 – 2029:

- Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %
- Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %
- Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %
- Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %
- Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %
- Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån mindre enn 70%

12. Skattevedtak

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. Eiendomsskattelova § 11, første ledd. Utskriving av skatt for skatteåret 2026 blir basert på takstar fastsett ved alminnelege taksering.

Det vedtas alminneleg omtaksering pr 01.01.2026.

Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

ØKONOMISKE OVERSIKTAR

§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art – Drift

Beløp i 1000	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	49 585	60 060	63 054	62 935	62 827	62 715
2 Inntekts- og formuesskatt	33 079	36 248	40 854	40 854	40 854	40 854
3 Eiendomsskatt	12 149	10 576	12 009	12 009	12 009	12 009
4 Andre skatteinntekter	-	-	-	-	-	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	26 881	12 269	10 000	7 885	6 313	5 723
6 Overføringer og tilskudd fra andre	18 250	11 713	13 925	13 912	13 912	13 912
7 Brukerbetaling	4 068	3 602	3 463	3 463	3 463	3 463
8 Salgs- og leieinntekter	10 855	9 471	8 939	8 939	8 939	8 939
9 Sum driftsinntekter	154 867	143 939	152 244	149 997	148 317	147 615
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	79 693	75 542	79 480	78 137	77 495	77 105
11 Sosiale utgifter	21 050	23 734	25 347	24 612	24 532	24 532
12 Kjøp av varer og tjenester	39 492	30 913	30 018	29 187	29 187	29 187
13 Overføringer og tilskudd til andre	7 519	5 213	6 489	7 479	6 579	6 179
14 Avskrivninger	9 219	8 485	9 020	9 420	9 420	9 420
15 Sum driftsutgifter	156 973	143 887	150 354	148 835	147 213	146 423
16 Brutto driftsresultat	- 2 105	52	1 890	1 162	1 104	1 192
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	3 927	3 350	3 300	3 300	3 300	3 300
18 Utbytter	18	-	-	-	-	-
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
20 Renteutgifter	6 008	5 750	7 086	7 487	7 200	7 200
21 Avdrag på lån	3 281	3 333	4 100	4 700	4 600	4 600
22 Netto finansutgifter	- 5 344	- 5 733	- 7 886	- 8 887	- 8 500	- 8 500
23 Motpost avskrivninger	9 219	8 485	9 020	9 420	9 420	9 420
24 Netto driftsresultat	1 770	2 804	3 024	1 695	2 024	2 112
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	8 358	-	-	-	-	-
26 Avsetninger til bundne driftsfond	393	400	400	-	-	-
27 Bruk av bundne driftsfond	- 1 910	- 1 100	- 300	-	-	-
28 Avsetninger til disposisjonsfond	3 813	3 554	3 325	2 695	3 024	3 112
29 Bruk av disposisjonsfond	- 8 883	- 50	- 401	- 1 000	- 1 000	- 1 000
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	1 770	2 804	3 024	1 695	2 024	2 112
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

§ 5-4 1.ledd - Bevilgningsoversikt - Drift (1A)

Bevilgningsoversikt drift etter §5-4 1. ledd viser kommunens frie inntekter, samla bruk på budsjettområda, finanspostar, netto driftsresultat og disponeringane.

Beløp i 1000	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)						
1 Rammetilskudd	49 585	60 060	63 054	62 935	62 827	62 715
2 Inntekts- og formueskatt	33 079	36 248	40 854	40 854	40 854	40 854
3 Eiendomsskatt	12 149	10 576	12 009	12 009	12 009	12 009
4 Andre generelle driftsinntekter	26 881	12 269	10 000	7 885	6 313	5 723
5 Sum generelle driftsinntekter	121 695	119 153	125 917	123 683	122 003	121 301
6 Sum bevilgninger drift, netto	114 580	110 616	115 007	113 101	111 479	110 689
7 Avskrivninger	9 219	8 485	9 020	9 420	9 420	9 420
8 Sum netto driftsutgifter	123 800	119 101	124 027	122 521	120 899	120 109
9 Brutto driftsresultat	-	2 105	52	1 890	1 162	1 192
10 Renteinntekter	3 927	3 350	3 300	3 300	3 300	3 300
11 Utbytter	18	-	-	-	-	-
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
13 Renteutgifter	6 008	5 750	7 086	7 487	7 200	7 200
14 Avdrag på lån	3 281	3 333	4 100	4 700	4 600	4 600
15 Netto finansutgifter	-	5 344	-	7 886	-	8 500
16 Motpost avskrivninger	9 219	8 485	9 020	9 420	9 420	9 420
17 Netto driftsresultat	1 770	2 804	3 024	1 695	2 024	2 112
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	8 358	-	-	-	-	-
19 Avsetninger til bundne driftsfond	393	400	400	-	-	-
20 Bruk av bundne driftsfond	-	1 910	-	300	-	-
21 Avsetninger til disposisjonsfond	3 813	3 554	3 325	2 695	3 024	3 112
22 Bruk av disposisjonsfond	-	8 883	-	401	-	1 000
23 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	1 770	2 804	3 024	1 695	2 024	2 112
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-

§ 5-4 2.ledd - Bevilgningsoversikt Drift – fordeling pr. eining (1B)

Den andre bevilgningsoversikten viser rekneskapen og budsjett på det nivå kommunestyret har gitt sine netto bevilgningar til dei ulike budsjettområda. Nettobeløpet av bevilgningane samsvarar med beløpet i linje 6 i oppstillinga etter §5-4 1.ledd ovanfor

	Rekneskap	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Beløp i 1000	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
Sentraladministrasjonen	23 251 276	23 758 000	24 626 000	24 606 000	24 606 000	24 606 000
Oppvekst, skule og barnehage	33 022 282	36 256 000	37 410 000	36 291 000	36 291 000	36 291 000
Helse, pleie og omsorg	43 626 985	41 028 000	40 634 000	40 337 000	38 715 000	37 925 000
Sosial og barnevern	5 672 449	2 989 000	3 807 000	3 807 000	3 807 000	3 807 000
Teknisk	10 271 372	8 070 000	9 586 000	9 116 000	9 116 000	9 116 000
Sum bevilgningar drift, netto	115 844 364	112 101 000	116 063 000	114 157 000	112 535 000	111 745 000
Herav:						
Avskrivningar	- 1 279 500	-1 485 000	- 1 056 000	- 1 056 000	- 1 056 000	- 1 056 000
Netto renteutgifter og - inntekter	15 542	-	-	-	-	-
Overføring til investering	-	-	-	-	-	-
Netto avsetningar til bruk eller bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-	-	-
Netto avsetningar til bruk eller bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-	-	-
Korrigert sum bevilgningar drift, netto	114 580 406	110 616 000	115 007 000	113 101 000	111 479 000	110 689 000

§ 5-5 1. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2A)

	Regnskap	Oppr. Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Beløp i 1000	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
1 Investeringer i varige driftsmidler	2 840	41 450	8 050	9 800	4 750	5 500
2 Tilskudd til andres investeringer	3 351	-	-	-	-	-
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5 318	-	-	-	-	-
4 Utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	-	-	-	-	-	-
6 Sum investeringsutgifter	11 509	41 450	8 050	9 800	4 750	5 500
7 Kompensasjon for merverdiavgift	252	8 020	310	250	550	700
8 Tilskudd fra andre	50	10 000	-	-	-	-
9 Salg av varige driftsmidler	-	-	-	-	-	-
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
13 Bruk av lån	-	21 000	6 700	9 550	4 200	4 800
14 Sum investeringsinntekter	302	39 020	7 010	9 800	4 750	5 500
15 Videreutlån	2 563	8 000	8 000	-	-	8 000
16 Bruk av lån til videreutlån	2 563	8 000	8 000	-	-	8 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	839	800	800	800	800	800
18 Mottatte avdrag på videreutlån	445	800	800	800	800	800
19 Netto utgifter videreutlån	394	-	-	-	-	-
20 Overføring fra drift	-	8 358	-	-	-	-
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
22 Bruk av bundne investeringsfond	-	394	-	-	-	-
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	-	-	-	-	-	-
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-	2 848	-	1 040	-	-
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-	-	-
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-	11 601	-	2 430	-	1 040
27 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	-	-	-	-	-	-

§ 5-5 2. ledd - Bevilgningsoversikt – Investering (2B)

Beløp i 1000 inkl. mva	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Prosjekt	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1399 Egenkapitalinnskudd KLP	318					
9404 Overvann/avløp Føresvik, eks. mva	81			350	1 000	
Opparbeiding Føresvikvegen, VA, eks. mva	-			2 000	1 000	
Nytt hovedavløpsanlegg Føresvik, eks. mva	-		5 000	4 700		
9043 Overvatn Øyren, eks. mva	-		500			
9053 Slamavskiljar, eks. mva	-	1 750				2 000
Ringleidning vassleidning Knarholmen, eks. m	-		1 000	1 500		
9045 Ny brannstasjon	2 380	37 500				
6320 Utbyggingsavtale Vågaheia	84					
9406 Nærmiljøanlegg, overført 2024-2025	-					
9047 Skilting kulturminner	34	100				
9048 Traktor overført 2024-2025	-					
9049 Egedomsarkiv overført 2024-2025	-					
9050 Uteområde barnehage overført 2024-2025	66					
9051 Stoler ungdomsskolen	121					
9052 Oppgradering uteområde sjukeheimen	68	100				
Utvidelse bibliotek/gamingrom	-	450				
9405 Energisparing, rest overført						
Oppgradering og utviding Jøsenvegen		1 250				
Carport		300				
Omorganisering/ombygging barnehage			250	1 250	2 500	
Riving av hus og gml vassverk			500			
Riving Kyrkjebygd			500			
9046 Føresvikvegen 3 - riving			300			
Lagerlokaler teknisk					250	3 500
6350 Investeringsetterslep HBR	3 358					
Aksjer Føresvikvegen 2	5 000					

Langsiktig investeringsplan 2026 – 2035

Beløp i 1000 inkl. mva fra 2025	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Inv.plan	Inv.plan	Inv.plan	Inv.plan	Inv.plan	Inv.plan
Prosjekt	2024	(just) 2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
1399 Egenkapitalinnskudd KLP	318											
9042 Overvann/avløp Føresvik, eks. mva	81	419		350	1 000							
Opparbeiding Føresvikvegen, VA, eks. mva	-			2 000	1 000							
Nytt hovedavløpsanlegg Føresvik, eks. mva	-		5 000	4 700								
9043 Overvatn Øyren, eks. mva	-		500									
9053 Slamavskiljar, eks. mva	-	1 750				2 000						
Ringleidning vassleidning Knarholmen, eks. m	-		1 000	1 500								
9045 Ny brannstasjon	2 380	22 420										
6320 Utbyggingsavtale Vågaheia	84											
9406 Nærmiljøanlegg, overført fra 2024-2025	-	300										
9047 Skilting kulturminner	34	166										
9048 Traktor	-	1 000										
9049 Egedomsarkiv	-	500										
9050 Uteområde barnehage	66	4 485										
9051 Stoler ungdomsskolen	121											
9052 Oppgradering uteområde sjukeheimen	68	146										
Utviding bibliotek	-	450										
9405 Energisparing, rest overført til 2024	-	571										
Oppgradering og utviding av Jøsenvegen		1 250										
Carport		300										
Omorganisering/ombygging barnehage			250	1 250	2 500							
Riving av hus og gml vassverk	-		500									
Riving Kyrkjebygd	-		500									
9046 Føresvikvegen 3 - riving	-		300									
Lagerlokaler teknisk	-				250	3 500						
Rehabilitering/ombygging Boknatun									6 250	6 250		
6350 Investeringssetterslep HBR	3 358											
Aksjer Føresvikvegen 2	5 000											
Aksjer Stvg2Bergen		20										

§ 5 -7 - Oversikt over gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser

Etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 5-7 skal det gis ei oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktelsar i planperioden.

Lånegjeld (tal i 1000 kroner)	Regn 2024	Prog 2025	2026	2027	2028	2029
Langsiktig gjeld	114 913	131 783	141 583	145 633	144 433	151 833
Langsiktig gjeld (fratrukke ubrukte lånemidlar)	110 672	129 832	133 632	139 682	140 482	149 882
<i>herav</i>						
Lån knytt til Startlån	33 480	32 633	39 833	39 033	38 233	45 433
Lån knytt til investeringar	81 433	99 150	101 750	106 600	106 200	106 400

Andre vesentlege langsiktige forpliktelsar:

- Bokn kommune hadde per 2024 en pensjonsforpliktelse på 171,2 millionar kroner. Pensjonsforpliktelsen skal avspeila det økonomiske ansvaret kommunen har påtatt seg på beregningstidspunktet overfor hver enkelt ansatt som er tatt opp i pensjonsordningen.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2024 et garantiansvar på 26,6 millionar for kommunens del (3,85 %) av lånegjelda til Karmsund Havn IKS.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2024 eit garantiansvar på 1,9 millionar knytt til Haugaland interkommunale Miljøverk IKS.

KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

Bokn – ein liten kommune i stor utvikling

Bokn er ein kommune i rivande utvikling. Kommunen har vore – og er framleis – ambisiøs i planane for tettstaden Føresvik, og i arbeidet med utviklinga av Føresvik Nord, Knarholmen og Arsvågen.

Reguleringa av det siste strekket av Føresvikvegen er finansiert gjennom Haugalandspakken og vert lagt ut på høyring i 2025. I samband med dette er det avgjerande at kommunen får gjennomført dei nødvendige investeringane i vatn- og avløpssystem for å leggje til rette for vidare utvikling i Føresvik. Samstundes må kommunen planleggje for framtida og finne dei mest berekraftige og framtidsretta løysingane.

Store investeringar i vatn og avløp vil påverke handlingsrommet for andre investeringar og krev både økonomiske og administrative ressursar.

I februar 2026 vert forslag til kommunedelplan for ny E39 Bokn–Bømlafjorden lagt ut på høyring. Her vil Statens vegvesen leggje fram si anbefaling for traseval. Ny E39 er eit sentralt tiltak for å binde regionen tettare saman, gje raskare transport for næringslivet og ein tryggare veg for innbyggjarane. Vegen skal redusere talet på kryss og avkøyrslar frå 250 til 6, og vil erstatte ein strekning som i dag er sterkt ulukkesbelasta. Prosjektet er viktig både for nasjonal verdiskaping og for å skape heilt nye rammevilkår for utvikling, næringsliv og busetjing i ein av landets viktigaste eksportregionar.

I 2026 vil kommunen arbeide vidare med digitalisering for å forbetre og effektivisere tenestene på alle område. Betre tverrfagleg samarbeid er òg eit satsingsområde. Planverk vert samordna, og team vert sette saman på tvers av fagfelt på ein annan måte enn tidlegare for å styrkje heilskap og kvalitet.

Kommunen sin økonomi er framleis solid, men Bokn er sårbar for endringar i tenestebehov og statlege rammevilkår. På Bokn har 10,2 prosent av elevane individuell opplæringsplan med enkeltvedtak. Bokn skule lukkast i stor grad med å integrere desse elevane i det ordinære opplæringstilbodet, men dette krev betydelege ressursar. Kommunen ser at fleire elevar enn tidlegare har omfattande behov for støtte og tett oppfølging, ofte med ein-til-ein eller to-til-ein hjelp.

Administrasjonen arbeider med å møte desse behova både gjennom ekstern finansiering og ved intern omorganisering av ressursane. Samstundes ser kommunen eit aukande behov innan helse- og omsorgstenestene, noko som ytterlegare utfordrar ressursbruken.

Budsjettarbeidet for 2026 og økonomiplanperioden må difor ha tydeleg fokus på korleis Bokn kommune kan halde kontroll på økonomien i ei tid der presset på tenestene aukar, kostnadsnivået stig og nye krav frå staten og befolkninga stiller større forventningar til kommunen.

For å møte desse utfordringane må det gjerast konkrete tiltak i drifta og omprioriteringar mellom rammeområda. Slik kan kommunen bevare eit økonomisk handlingsrom og halde fram med å vere ein liten, men handlekraftig kommune med blikket retta mot framtida.

MÅLSETTINGAR I ØKONOMIPLANEN

Bokn kommune sitt styringssystem tar utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling.

Samfunnsdelens mål og strategiar er fordelt på planens satsingsområde:

- Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
- Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid
- Bokn kommune prioriterer for styrka, lokalt næringsliv og auka verdiskapning
- Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private.

Målsetningane i økonomiplanen 2026-2029 tar utgangspunkt i samfunnsdelen og FN sine berekraftsmål.

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikheit og motvirke farlege klimaendringar innan 2030. Ei berekraftig utvikling er eit førande premiss som ligg til grunn, enten det gjelder økonomisk styring, klimamål, eller et godt tenestetilbod. Slik skaper vi eit godt lokalsamfunn for alle – og for framtidens generasjonar.



TENESTER

Bokn kommune skal levere gode, effektive og berekraftige tenester, med rett kvalitet til brukarar og innbyggjarar. KOSTRA og kommunebarometeret nyttast som styringsinformasjon.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret for 2025 viser at av 356 rangerte kommunar, hamnar Bokn på ein 324. plass, ned plassar frå i fjor. Som liten kommune vil det vera store svingingar i resultata frå år til år.

	Vekt	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring frå i fjor
Totalplassering		363	309	311	320	296	324	-28
								0
Grunnskule	20,0 %	229	224	310	269	285	299	-14
Pleie og omsorg	20,0 %	130	23	154	14	35	254	-219
Barnevern	10,0 %	416	321	312	346	328	302	26
Barnehage	10,0 %	163	286	304	344	339	325	14
Helse	7,5 %	187	326	275	331	144	217	-73
Sosial	7,5 %	403	341	314	351	326	312	14
Kultur	2,5 %	276	151	104	120	40	69	-29
Miljø	2,5 %	129	194	270	293	204	151	53
Saksbehandling	2,5 %	21	275	91	183	215	122	93
Vann, avløp og renovasjon	2,5 %	312	154	267	274	266	283	-17
Økonomi	10,0 %	233	189	298	110	66	83	-17
Kostnadsnivå	5,0 %	381	270	279	233	314	345	-31

Det er vanskeleg å være liten kommune i målinga, noko som syner igjen i bunntalla på barometeret, der overvekt av kommunane på bunn er kommunar med svært lågt folketal. Dette heng i stor grad saman med korleis nøkkeltal blir rekna med i totalsummen. Fleire av indikatorane i barometeret har nøkkeltal som er sladda for Bokn kommune. Dette heng saman med eit utilstrekkeleg tallgrunnlag, og heng i stor grad saman med at ein ikkje skal kunne identifisere enkeltindivid. Eksempel på eit slikt sladda måltal er resultat på indikator om meistringsnivå i enkelte klassenivå, der klassane har for få elevar til å være med i nøkkeltalet. Sladda nøkkeltal vil ikkje gi nokon poeng på nøkkeltalsnivå, og gjer at kommunen går glipp av mange poeng i målinga.

I grunnskulen ser me at lærarar som oppfyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk har auka dei siste åra.

I Bokn oppfylte 100% av lærarane både i barne - og ungdomsskulen kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk .

Innanfor pleie – og omsorg har 92,9 % av dei tilsette fagutdanning.

Kommunen er ein av dei beste kommunane i landet med tanke på kompetente tilsette innanfor desse 2 sektorane.

KOMMUNEØKONOMI – FINANSIELLE MÅLTAL

Ein sunn kommuneøkonomi kjenneteiknast av evnen til å handtere uforutsette hendingar og ha eit handlingsrom til å kunne foreta val på kort og lang sikt. For å ha kontroll på utgiftsveksten, må drifta styrast i samsvar med dei budsjettbetingelsane som kommunestyret set i årsbudsjett og økonomiplan. Det langsiktige biletet er at kommunen løpande tilpassar utgiftene til inntektsgrunnlaget.


Det er lovfesta ein generalregel i kommunelova som slår fast at kommunane skal forvalta økonomien sin slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid. Kommunane har fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet.

Dei finansielle måltala må forankrast politisk slik at ein får eit eigarskap til dei. Kommunedirektøren legg fram følgjande forslag til måltal for budsjett og økonomiplan for 2026 – 2029:

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Mål 2026 - 2029
Netto driftsresultat i prosent av driftinntektene	3,2 %	1,14 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene	33,0 %	26,7 %	> 10 %
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	46,4 %	34,1 %	> 15 %
Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene	84,8 %	74,2 %	< 80 %
Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån	55,3 %	49,7 %	< 70 %
Lån som betenes av frie inntekter	71,2 %	70,9 %	< 70 %
Netto lån med renteeksponering i prosent av driftsinntektene	43,5 %	41,4 %	< 70 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter uttrykker andelen av årets driftsinntekter som ikkje er blitt nytta til å dekke årets driftsutgifter. Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for å vurdere kommunen sin økonomiske tilstand. Denne gir eit bilde av kva kommunen sit igjen med til investeringar og framtidige avsetningar.	Disposisjonsfond er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svikt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfond. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine.		
Arbeidskapitalen er lik omløpsmidlar fråtrukke kortsiktig gjeld. Målet vert nytta for å angi likviditet (evne til å betale forpliktelsar etter kvart som dei forfell) og soliditet (evna til å tole tap).	Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene er definert som langsiktig gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktelsar. Eige måltal er også vist fråtrukke totale utlån og ubrukte lånemidlar. Indikatoren gir uttrykk for kommunens uteståande låneopptak.		
Lån som betenes av frie inntekter viser låneopptaket som kommunen må finansiera ved hjelp av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot), og utviklinga i denne er viktig med hensyn til kommunens framtidige handlingsrom.	Netto lån med renteeksponering tar utgangspunkt i kommunens langsiktige gjeld. Kommunar har både store passiva (gjeld) og store aktivia (fordringar og likviditet), slik at langsiktig gjeld i seg sjølv ikkje utan vidare gir eit riktig bilete av gjeldsbyrden. Indikatoren forsøker å i større grad gi uttrykk for kor eksponert kommunen er for endringar i rentenivået.		

Økonomisk styring – Netto Driftsresultat

Netto driftsresultat er definert som kommunens økonomiske handlingsrom og er det overskotet som er disponibelt til investeringar og avsetningar. I graf nedanfor er netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter samanlikna med gjennomsnittet i kommunegruppe 14.




Kommune	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bokn	6,8 %	0,8 %	4,6 %	8,1 %	3,2 %	1,1 %
KOSTRA-gruppe 14	4,6 %	3,3 %	4,3 %	2,4 %	2,3 %	1,2 %

Utviklinga i netto driftsresultat syner at Bokn med unntak av 2020 og 2024 har hatt eit netto driftsresultat som ligg over resultatet for kommunegruppa.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Prognose 2025	Prognose 2026
Havbruksfond	kr 5 660 000	kr 6 770 000	kr 3 760 000	kr 9 543 766	kr 3 571 863	kr 14 200 000	kr 3 000 000	kr 15 200 000

Eit godt netto driftsresultat historisk må ein sjå i samanheng med gode utbetalingar frå Havbruksfondet. Auksjon av lokalitets-biomasse er ei hending som skjer annakvart år, og som mest sannsynleg kjem oppå produksjonsavgifta i 2026. I 2026 er det budsjetttert med 4,4 millionar i havbruksfondsmidlar, som svarar til estimert produksjonsavgift i 2026.

Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene



Kommune	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bokn	132,7 %	124,8 %	120,2 %	106,7 %	89,1 %	84,8 %	74,2 %
KOSTRA-gruppe 14	98,3 %	98,5 %	91,0 %	89,8 %	86,1 %	85,2 %	84,3 %

Grafen illustrerer utviklinga på lånegjelda til Bokn i prosent av driftsinntekter, samanlikna med gjennomsnitt i kommunegruppe 14.


Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene er berekna av langsiktig gjeld eksklusiv pensjonsforpliktelsar.

Langsiktig lånegjeld utgjorde 74,2% % av brutto driftsinntekter i 2024. Dette er lågare enn målalet i kommunens berekraftmodell, som har eit mål for langsiktig lånegjeld på 80% av brutto driftsinntekter. Kommunalbanken definerer all lånegjeld over 70% som høg.

Langsiktig lånegjeld utan lån til vidare utlån og unytta lånegjeld er 49,7 % ved utgangen av 2024. Dette er rekna som lågt. Samstundes viser det at Bokn kommune har relativt stor grad av vidare utlån.

Fond

Disposisjonsfond er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svikt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfond. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine.



	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond	19 037	24 650	31 905	36 716	45 278	46 401	41 330
Bundne driftsfond	1 684	2 960	3 564	4 226	4 575	3 467	1 950
Kapitalfond	10 380	89 543	54 770	65 855	20 083	7 652	4 803

Figuren visar fondsbeholdninga dei siste åra.

FORUTSETNINGAR OG RAMMEBETINGELSAR

Budsjettgrunnlag for perioden 2026 – 2029

Hensynet til tenestene og evne og moglegheit til å omstille seg over tid må ivaretas.

På nokre tenesteområde vil dette kunne løysast gjennom samarbeid med andre kommunar som f eks når det gjeld brannsamarbeid. På andre område vil det vere naturleg å løyse desse utfordringane gjennom tosidig samarbeid slik Bokn og Karmøy har gjort innanfor fleire saksområde, slik som barnevern og tekniske tenester, men og sal av sjukeheimsplassar til Karmøy og Tysvær.

Konsekvensen av høge finanskostnader, høge kostnader i forhold til ressurskrevjande tenester og demografiske endringar gjer at det både i 2026, og dei kommande åra i økonomiplanperioden er vanskeleg å laga eit forsvarleg budsjett utan å sjå nærare på kostnader til ikkje-lovfesta oppgåver. I tillegg må lovfesta tenester tilpassast eit nivå som svarar til kostnadsnivået for samanliknbare kommunar. Nye oppgåver må i stor grad løysast innanfor dei ressursane som ein har i organisasjonen. Ein må arbeide saman i organisasjonen for å finne gode måtar å omstille drifta på, og sjå på måten me arbeider og organiserer oss på.

Budsjettarbeidet for 2026 og økonomiplanperioden må handle om å ha fokus på korleis Bokn kommune skal halde kontroll på økonomien i ei tid der det er eit press på tenestene og kostnadsauke som følgje av endra statlege krav, brukarrettigheter og auka forventningar frå befolkninga.

For å møte denne utfordringa må ein gjere konkrete tiltak i drift, og større omprioritering mellom rammeområda. Kommunedirektøren har over tid fokusert på at Bokn kommune står ovanfor ei stor utfordring med tanke på demografi. Framskrivningsdata taler for at ein blir fleire eldre og færre yngre. Det betyr at inntektsbildet endrar seg, men og at utgiftsbehovet innanfor dei ulike aldersgruppene vil endra seg betydeleg framover.

Budsjett 2026 bygger på følgande forutsetningar:

- Pris og lønnskompensasjon (deflator) er på 3,4 % i neste års budsjett.
- Skatt og rammetilskot er berekna iht. Kommuneproposisjonen og prognosemodell frå KS. Det er lagt inn forventa inntekt frå havbruksfond (produksjonsavgift), samt eigedomsskatt på næringseigedom.
- Rentenivået er forventa svakt synkande i økonomiplanperioden. Renter er berekna ut frå dagens låneavtalar.
- Eigedomsskatt for næringseigedom er vidareført med same budsjettmessige forutsetningar som i 2025-2028. Det er framleis ikkje avklart om seinare rettstvistar vil ha ytterlegare konsekvensar for kommunen. For å hensynta eventuelt seinare rettstvistar, har Bokn kommune tidlegare valt å sette av 400.000 kroner årleg for å hensynta denne risikoen. Det er no kr 2 millionar på sikringsfond, og eit set ikkje av meir i planperioden.
- Skjønstilskot resurskrevjande tenester er redusert frå 0,7 til 0,5 million.
- Kostnadsbudsjett på flyktning ligg under området helse.

Demografiske rammer

Både inntektsutvikling og utgiftsbehovet til ein kommune er nært knytt til utvikling og samansetting i befolkninga. Folketalsutviklinga og alderssamansetning er difor ei avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering.

Analyse av befolkningsstatistikk og framskrivingar frå SSB kan gi ein indikasjon på kva sektorar som kommunen kan vente seg dei største utfordringane i åra framover.

I 2.kvartal 2025 hadde Bokn kommune 906 innbyggjarar. Veksten i folketallet kjem av at Bokn kommune har teke imot flyktningar i perioden 22-25. 15 flyktningar i 2022 og 20 i 2023, 15 i 2024 og 7 i 2025.

Ved middels nasjonal vekst


(MMMM) syner framskrivinga at ein har 914 innbyggjarar i 2034. Den prosentvise auken i


Bokn kommune er anslått til 3,5 % medan folketalsveksten samla i landet er anslått til 5,5 % totalt

fram til 2034. Ein lågare vekst enn landet vil gje utslag på dei forventa inntektene til kommunen.

Befolkningsframskriving per 1.1 - standard er SSB - MMMM alternativet og bruk av TBU metode

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 år	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7
1-5 år	44	41	43	41	40	39	39	39	39	39	39
6-12 år	54	57	58	60	57	60	61	62	61	62	60
13-15 år	35	28	24	24	30	30	30	24	26	25	28
16-18 år	30	34	40	36	29	24	26	32	30	29	23
19-22 år	59	56	42	44	48	46	46	41	35	35	39
23-24 år	21	23	31	31	24	24	22	22	27	25	21
25-29 år	53	51	51	53	56	57	55	56	55	53	55
30-49 år	192	202	198	196	199	199	201	199	197	203	198
50-66 år	220	214	222	222	222	228	225	222	222	218	221
67-79 år	116	125	128	135	138	133	133	137	143	149	153
80-89 år	48	52	50	50	50	52	53	58	57	54	51
90 år og eldre	14	12	13	11	10	10	10	9	9	9	13
Sum innbyggere	893	902	907	910	910	909	908	908	908	908	908





At ein opprettheld befolkningsnivået i perioden fram mot 2035, skuldast i liten grad auke i tilflytting eller fødselsrate, men at innbyggjarane me har lever lengre.

I det sentrale inntektssystemet er det etablert såkalla objektive indikatorar som gi uttrykk for forskjellar i tenestebehov som følgje av alderssamansetting og ulike sosioøkonomiske forhold.

Det er spesielt tre aldersgrupper i befolkninga har behov for ein større del dei kommunale tenestene og som derfor blir gitt spesiell merksemd i befolkningsprognosar:

Gruppa 1-5 år har behov for mellom anna barnehageplass og helsetenester




Gruppa 6-15 år er elever i grunnskolen og trenger fritidstilbod

Gruppa 80 år og over er de som har størst behov for institusjonstenester, omsorgsboligar og heimebaserte tenester

Det er stor usikkerheit om utvikling i folketalet. Låg innvandring og låge fødselstal kan tyde på lågare folketalsvekst både nasjonalt, regionalt og lokalt. I Bokn kommune kan ein forvente ein kraftig vekst innan pleie- og omsorgssektoren fram mot 2035. I same periode er det forventa ein nedgang i utgiftsbehov innan tenester som barnehage og skule.

I dei påfølgjande figurane er utviklinga vist som indeksar der tal innbyggjarar ved inngangen av 2025 = 100 %. Det betyr at figurane gir uttrykk for endringar i det demografiske behovet samanlikna med 2025.

Tabellar nedanfor er henta frå KS sine demografimodellar.



Endring i demografi gjer seg utslag i endra inntekter og kostnader for kommunen. Tabell nedanfor er eit anslag på kva demografikostnadane vil utgjere i 2024-kroner. Meir- (+) og mindreutgifter (-) som følgje av befolkningsendringane i dei ulike sektorane.

1145 BOKN							
Anslag årlig endring i kommunens utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tjenesteområde som følge av befolkningsendringer							
(2025 kroner og endring fra 1.1.2025)							
Endring utgiftsbehov per	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	SUM BOKN
2026	322	-707	-817	200	162	-49	-889
2027	478	-541	545	-49	-2	-9	421
2028	-647	384	-545	-45	86	-24	-790
2029	-386	524	-272	32	31	-99	-169
2030	28	575	-272	0	-62	-59	210
2031	163	192	0	20	20	12	407
2032	609	-908	0	-50	89	-49	-308
2033	196	175	0	-64	35	-22	321
2034	-168	9	0	90	35	-37	-70
2035	1 975	166	0	-118	16	-62	1 978
Sum 2026-2035	2 571	-132	-1 361	18	411	-397	1 109

Den samla kostnadsveksten frå 2026 til 2035 er anslått til 1,1 millionar kroner i kommunen dersom ein legg til grunn uendra standard, produktivitet og dekningsgrad, i tillegg til konstante gjennomsnittskostnadar.

Skatt og rammetilskot – frie inntekter

Kommunane sine frie inntekter består av skatt på inntekt og formue og ordinært rammetilskot og utgjør den største delen av kommunane sine inntekter, og det er her staten styrer kommunane sine tenester med auke eller reduksjon av overføringar. Dette er inntekter som kommunane kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og regler.

Det overordna formålet med inntektssystemet er å jamne ut dei økonomiske forutsetningane for at kommunane skal kunne gi et mest mogleg likeverdig tenestetilbod over heile landet.

Dei frie inntektene (skatt på inntekt og formue, og ordinært rammetilskot) i Bokn er budsjettet til 103,9 mill. kroner i 2026, og er basert på regjeringa sine anslag og KS sine berekningar. Det er 8,5 mill. kroner meir enn i 2025 budsjettet. Av dette er 4,6 millionar vekst i skatteanslag, 3 millionar vekst i innbyggjartilskot og 2,2 millionar vekst i utgiftsutjamning. Bokn får eit trekk i inntektsutjamninga på 1,4 millionar frå 2025 til 2026.

Anslaget på frie inntekter betyr ein nominell vekst for Bokn kommune frå 2025 – 2026 på 5,3%. Snittet i Rogaland er på 4,2%. Snittet i landet er 4,1%. Veksten frå 2025 til 2026 skal ta hensyn til lønns- og prisstigning, demografiutvikling, nye/endra oppgåver og kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

Tabellen nedanfor visar samansetninga av dei frie inntektene til BOKN, med endring frå budsjett 2025.

Tal i 1000	Framlegg 2026	Budsjett 2025	Endring frå 2025
Skatteanslag	40 854	36 248	4 606
Inntektsutjamning	- 886	508	- 1 394
Innbyggjartilskot	31 042	28 040	3 002
Utgiftsutjamning	23 690	21 487	2 203
Særskilde fordelingar	756	879	- 123
Inntektsgaranti (INGAR)	- 38	108	70
Skjønnsstilskot	560	700	- 140
Småkommunetilskot	7 032	6 794	238
Korreksjonsordningar for elevar i statlege og private skular	898	851	47
Samla skatt og rammetilskot	103 907	95 399	8 508

Nominell vekst frå regjeringa sitt anslag på frie inntekter frå 2025 til 2026 er frå regjeringa berekna til 5,3% for Bokn kommune, sjå tabell nedanfor.

Kommune	Anslag på frie inntekter 2025	Anslag på oppgåve-korriger te frie inntekter 2025	Anslag på frie inntekter 2026	Anslag på oppgåve-korrig ert vekst 2025-2026	Anslag vekst rekneskap 2025-2026
	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(1 000 kr)	(prosent)
	1	2	3	4	5
0301 Oslo	53 662 103	53 859 451	55 762 476	1 903 025	3,5
1101 Eigersund	1 213 960	1 218 920	1 260 460	41 539	3,4
1103 Stavanger	11 492 881	11 536 460	11 973 868	437 408	3,8
1106 Haugesund	2 886 125	2 898 341	3 025 618	127 277	4,4
1108 Sandnes	6 342 408	6 366 517	6 676 577	310 060	4,9
1111 Sokndal	294 169	295 431	308 037	12 605	4,3
1112 Lund	288 599	289 689	301 803	12 114	4,2
1114 Bjerkreim	243 411	244 505	256 176	11 672	4,8
1119 Hå	1 509 478	1 515 505	1 591 517	76 011	5,0
1120 Klepp	1 572 410	1 578 213	1 653 642	75 429	4,8
1121 Time	1 513 019	1 518 904	1 596 112	77 208	5,1
1122 Gjesdal	977 176	980 927	1 022 548	41 620	4,2
1124 Sola	2 262 449	2 270 295	2 356 419	86 124	3,8
1127 Randaberg	907 918	911 529	945 810	34 281	3,8
1130 Strand	1 064 568	1 068 910	1 109 300	40 391	3,8
1133 Hjelmeland	254 272	255 335	263 965	8 630	3,4
1134 Suldal	370 777	372 339	386 036	13 697	3,7
1135 Sauda	397 242	399 049	412 627	13 577	3,4
1144 Kvitøy	74 884	75 272	79 609	4 337	5,8
1145 Bokn	98 772	99 241	104 482	5 240	5,3
1146 Tysvær	974 250	978 088	1 029 706	51 618	5,3
1149 Karmøy	3 234 768	3 248 180	3 377 328	129 148	4,0
1151 Utsira	47 717	47 944	50 219	2 275	4,7
1160 Vindafjord	757 548	760 636	790 093	29 457	3,9
<i>Fordelast gjennom året</i>	<i>16 800</i>	<i>16 800</i>	<i>23 800</i>	<i>7 000</i>	
Rogaland	38 795 601	38 947 030	40 595 750	1 648 720	4,2

kjelde: Regjeringen.no

Skatteanslag. Sidan ein ikkje kjenner dei endelege skatteinntektene for 2026 før i januar 2027, er det gjort eit anslag på kor store skatteinntektene for 2026 vil vere. Skatteinntektene for Bokn er berekna til om lag 40 millionar kroner i 2026 inkludert inntektsutjamning. Anslaget tar utgangspunkt i nivå på skatteinntektene i 2024.

Innbyggjartilskot er i utgangspunktet fordelt med likt beløp per innbyggjar. Dette er satt til 34.264 kr per innbyggjar. Dette gangast med innbyggjartal per 01.07.2025 (906 personar).

Utgiftsutjamning er ei omfordeling av innbyggjartilskotet basert på kor stort berekna utgiftsbehov den enkelte kommune har. Utgiftsbehovet blir berekna blant anna på bakgrunn av alderssamansetning i kommunen, geografi, og andre sosioøkonomiske forhold. Kommunar med høgt utgiftsbehov får deretter kompensert for det, mens kommunar med lågt utgiftsbehov blir trukke.

Korreksjonsordning for elevar i statlege og private skular Det blir gitt trekk for elevar som ikkje går i kommunale skular, då kommunane ikkje har utgifter for desse elevane. Summen av trekk frå kommunane i Noreg deles så ut igjen til alle landets kommunar etter andel av berekna utgiftsbehov (kostnadsnøkkelen). Bokn får trekk på 0 kroner, men blir tilbakeført 898.000 kr via kostnadsnøkkelen, slik at ein netto blir tilført 898.000 kroner.

Særskilde fordelingar Nokre enkeltsaker fordelast ikkje etter inntektssystemet sine ordinære kriterier, men gis som ei særskilt fordeling. Bokn kommune har fått tildelt 743.000 for 2026.

Dette gjeld: Helsestasjon og skulehelseteneste 171.000 kr, grunnskuletilskot 583.000 kr og redusert makspris i barnehage 241.000 kr. Samstundes er me trekt 305.000 kr for nedvekting av PU.

Inntektsgaranti (INGAR) knytter seg til endringer i kriteriedata, befolkningsnedgang og systemendringer i inntektssystemet som for enkeltkommunar kan føre til brå nedgang i rammetilskot frå eit år til det neste. Ordninga skal skjerme kommunane mot slike endringar. Kommunen får trekk på 38.000 kr i 2026.

Skjønnsmidlar er midler som årleg fordelast av Statsforvaltaren, og brukast til å kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga. Det er fordelt 0,56 million kroner til Bokn, som er 140 000 lågare enn i 2025. Dette er eit årleg vedtak, og kan endre seg frå år til år. Bokn får tildelt midlar på grunn av ressurskrevjande tenester.

Distriktstilskot Sør-Norge er eit distriktstilskot som tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som målar graden av distriktsutfordringar i ein kommune og består av ulike indikatorar som målar forskjellar i geografi, demografi, arbeidsmarknad, levkår og næringsstruktur. For å kvalifisere til tilskot må kommunen ha hatt gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 140 prosent av landsgjennomsnittet, ha under 3 200 innbyggjarar eller ha ein distriktsindeks på 58 eller lågare. Tilskot til Bokn gis med ein sats på om lag 7 millionar kroner.

Havbruksfond

Havbruksfondet har vært ei god kjelde til inntekt for kommunen.

Bokn kommune har i 2025 bedt KONTALI Analyse utarbeide eit notat der ein estimerer utbetalingar til Bokn kommune.

I 2025 vart det budsjettert med ei inntekt frå Havbruksfondet med 3,7 millionar kroner. Bokn kommune fekk ei ordinær utbetaling i 2025 på 3 millionar.

Ramma for kommuneutbetalinga som KONTALI skal estimera er følgjande:

- utbetaling frå havbruksfondet(produksjonsavgift og del proveny frå MTB - sal)
- andre utbetalingar eller overføringar til kommesektoren , som resultat av eller i form av del av eit grunnrenteproveny og føringar for kommunedel av dette

Det er lagt inn 4,4 millionar i inntekter frå Havbruksfondet i 2026.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt utgjør samla nær 10 % av kommunens sentrale inntektsgrunnlag. Lovendringar på området kan gi store økonomiske verknadar for kommunen. Sist ved at verk og bruk ikkje lenger skulle skattleggjast frå og med 2019, med ein overgangsperiode på 7 år fram til 2025.

Fordelingsavtalen mellom Tysvær og Bokn som vart underskriven i 1993, seier at eigedomsskatteinntektene til gassbasert industri, skal fordelast mellom kommunane i forhold til folketalet i kommunane. Avtalen gjeld for gassbasert industri etablert etter 01.01.1994 og inneber i praksis at eigedomsskatt frå og med Sleipner-etableringa i 1994 er grunnlag for fordeling. Både Gassco og Equinor har framleis klagesaker inne på taksering av anlegg som grunnlag for eigedomsskatt.

For å hensynta eventuelt seinare rettstvistar, har Bokn kommune vald å sette av 400.000 kroner årleg over fleire år og har no ei fondsavsetning på 2 millionar kroner. Det vert ikkje sett av meir til fond i 2026.

BOKN BYGDABLAD

NR. 5 - JUNI 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN FÅR INNTEKTER FRÅ KÅRSTØ

Alt frå 1994 vil Bokn kommune få ca. ein million kroner i inntekter frå Kårstø-industrien. Dette er nå nedfelt i ein avtale mellom Tysvær og Bokn kommune. Inntektene skriv seg frå industrien som er basert på Sleipner-kondensatet.

Dersom det det såkalla MTBE-anlegget blir realisert, vil avtalen medføre at Bokn vil få ytterlegare 1,3 mill. kr. i eigedomsskatt frå 1996.

Bakgrunnen for at avtalen mellom kommunane kom i stand, er plasseringsstriden mellom dei to kommunane i samband med eit eventuelt gasskraftverk i Kårstø-området.

Avtalen er nyleg vedtatt av kommunestyra i begge kommunane.

Avtalen mellom kommunane skal visstnok vera nokså einestående. Ein kjenner ikkje til at andre kommunar her i landet har gjort liknande avtalar.



Tverretatlege oppgåver og samarbeid

Kultur og frivillighet

Det er etablert eit team som er samansett av dei som arbeidar med tilbod retta mot folkehelse, aktivitetar og kultur. Teamet er samansett av bibliotekar, kulturskulerektor, kultursjef, flyktningkoordinator, miljøterapeut, oppvekstsjef og personalsjef. Dette er eit koordinerande team som saman finn ut korleis dei kan samarbeida for å møta mål i oppvekstplan: Legge til rette for eit godt kulturliv, gode fritidstilbod og eit godt samarbeid med og mellom frivilligheita.

Arbeidet vert handtert innanfor den økonomiske ramma.

Betre tverrfagleg samhandling.

Me har etablert eit team på tvers av etatane som skal vidareutvikle og realisere BTI i Bokn kommune. Det er gjort ein kartlegging frå KORUS av korleis me samhandlar i dag. Me har starta med å lage ei skisse for korleis me ynskjer det i framtida. Dei ulike einingane har starta ein revidering av rutinar og retningslinjer for born og unge, dei vert omgjort til handlingsretteiarar. Me er i dette arbeidet avhengig av Karmøy kommune i høve til eksterne tenester, dei arbeidar og med å etablere BTI.

Tiltaka så langt er løyst innanfor budsjettamma.

Gjennomgang av dei enkelte rammeområda


Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon

Driftsbudsjett og ramme

Sentraladministrasjon - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			Budsjett 2026	2027	2028	2029
Budsjett 2025		23 758 000	23 758 000	23 758 000	23 758 000	23 758 000
Rammeendring			868 000	848 000	848 000	848 000
Netto driftsramme	23 251 276	23 758 000	24 626 000	24 606 000	24 606 000	24 606 000
Rammeendringer						
Lønns- og prisvekst 2026			808 000	788 000	788 000	788 000
Auka pensjonskostnad			60 000	60 000	60 000	60 000
Sum rammeendring			868 000	848 000	848 000	848 000

Teneste/ansvar	Budsjett 2025
Kommunedir, Stab og Økonomi	9 202 000
IKT - Fellesutgifter Data	5 500 000
Politisk styring og kontrollvirksomhet	3 625 000
Den Norske Kyrkja & Kyrkjegard	1 448 000
Kultur	1 860 000
Musikk- og kulturskule	1 200 000
Øvrige tenester og fellesutgifter	1 791 000
Sum rammeområde Sentraladministrasjon	24 626 000



Sentraladministrasjonen omhandlar blant anna kostnader til politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, administrasjonslokaler, tilskot til kyrkja og kyrkjegard, kultur, kulturskule samt felleskostnader for organisasjonen slik som IT kostnader.

Endringstakten innan rammeområdet er høg, og tenestene må utviklast i takt med dette. Dette er støttetjenester som har ei nøkkelrolle i utviklinga av ein robust kommuneorganisasjon. Det er utfordrande å balansere behov og forventningar opp mot stramme rammer og krav til effektivisering. I ei tid der kommunen vert tillagt stadig fleire oppgåver er det krevjande å levere på alle krav med vidareføring av dagens bemanning. Det er likevel ikkje lagt inn auke i personalressursar knytt til administrasjon i planperioden, men ein vil satse på vidareutvikling av tenestene gjennom effektivisering og digitalisering.

Det er sett av midlar til sommarjobb for ungdom med kr 150.000.

IKT

Bokn kommune legg i budsjett for 2026 vekt på følgjande knytt til område IKT:

1. Tryggleik for brukar
2. Tryggleik for kritisk infrastruktur
3. Tryggleik for styringssystem og fagsystem
4. Oppetid, systema skal vere tilgjengelege for innbyggjar, næringsliv, elevar og tilsette
5. Informasjonstryggleik
6. Vidare digitalisering av tenester, m.a. innanfor arkiv, skule og helse
7. Lisensiering i høve til ønska tryggleiksniva for brukar og system
8. Ta i bruk ny teknologi for å automatisere drift av klientar og system
9. Utvida samarbeid med teneste for døgnkontinuerleg tryggleiksovervaking av brukarar og digital infrastruktur
10. Fornying av digital infrastruktur
11. Følge nasjonale tilrådingar for trygg bruk av IKT for barn i barnehage og skuleelevar

Økonomiske drivarar innanfor budsjettet er primært auka kostnader til lisensar, fagsystem som no blir drifta hos leverandør (programvare som teneste/skyteneste) og prisauke på datautstyr. Bokn kommune er ein liten kommune i den store samanhengen. Stadig fleire av innbyggjarane sine behov skal løysast med digitale tenester som opplevast som heilskaplege og samanhengande. Bokn kommune treng å ta del i denne utviklinga.

Digitalisering av kommunale tenester og interkommunalt samarbeid vil bety at innbyggjarane vil kunne få gode og profesjonelle tenester uavhengig av bukommune eller kommunestørrelse. Bokn kommune ser at utgiftene til IKT aukar årleg og grunnkostnadane er høge uavhengig av kommunestorleik.

Digitalisering er kostnadsdrivande og kompetansekreivjande. Det krevst ofte ei investering først for å legge til rette for at innbyggjarar og tilsette kan ta i bruk nye tenester og løysingar. Driftskostnadane aukar som ei følge av dette. Den reelle meirverdien for kommunen handlar likevel mest om endringar i arbeidsmåtar og implementering i organisasjonen slik at ein får utnytta dei teknologiske løysingane best mogeleg.

Digitalisering av tenester for innbyggjarar og tilsette eksponerer kommunen sine digitale system for omverda. Derfor blir det stadig viktigare å sikre at kommunen ivaretar informasjonstryggleiken for på ein tilfredstillande måte. Verda er i endring og trusselbiletet er i endring. Kommunen søker derfor interkommunale samarbeid og felles anbudsprosessar for å sikre seg tilgong til relevante system for å sikre informasjonstryggleiken.

Bokn kommune er tilslutta nettverk som arbeider med å avdekke uønska hendingar, nærståande og/eller pågåande, mot internett og mot kommunen sine fagsystem og infrastruktur. Me har gjort fleire tiltak basert på rådgjeving frå desse.

Bokn kommune har no fleire tenester i eksterne datasentre (sky). Felles for desse tenestene er det er arbeidskrevjande for tilsette med overgang til nye system og kostnaden til drifts- og lisenskostnader hos leverandør kjem i tillegg til ordinære driftskostnader. Dette vil medføre noko auka kostandar. Vidare er det slik at desse systema endrar måten IT må arbeide på. Fram til no har me sikra tilgong tid desse systema på terminalservernivå medan me no ser ein overgang til at endepunktet (datamaskinen/ nettbrettet/ telefonen) den tilsette arbeider på må sikrast endå betre. For å kunne sikre desse krevst det lisensar, noko som påverkar kostnadane.

Likevel, overgangen til skydrift har mange positive sider. Me er sikra oppdaterte system der leverandøren sjølv har ansvaret dersom det oppstår feilsituasjonar, me har dels tilgang til support inkludert i avtalane og kommunen moderniserer både arbeidsprosessar og drift.

Politisk styring og kontrollorgan

Politisk styring og kontrollorgans omhandlar fylgjande tenesteområde :

- Kommunestyre og formannskap
- Diverse utval/styrer og råd
- Eldreråd
- Økonomisk stønad til politiske parti
- Kommunerevisjon og kontrollutval

Det er lagt inn 20 000 til Ungdomsrådet og kr 50.000 til bruk av frivillighetsfond på området.

Kontroll- og kvalitetsutvalet

Det er budsjettert med 810.000 kroner til kontroll og revisjon. Dette er budsjettert på bakgrunn av vedtak i kontroll – og kvalitetsutvalet. Budsjettet dekker utgifter til kontroll- og kvalitetsutvalet, kjøp av sekretariatstenester frå Haugaland kontrollutvalssekretariat og kjøp av revisjonstenester frå Rogaland revisjon.

Ei reduksjon i budsjettframlegget kan berre gjerast av kommunestyret i følge forskriftene, ikkje av administrasjonen.

Den norske kyrkja og kyrkjegard

Kommunane har ansvar for alle kostnader knytt til drift av kyrkje og kyrkjegard. Budsjettet for 2026 på 1.262.000 er på same nivå som i 2025, dvs ei prisjustert auke på 3,4 %. For drift av kyrkjegarden er det budsjettert med 178.000.

Av overføringa vert 146.000 ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester mellom anna føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard.

Når det gjeld ekstraordinært vedlikehald av kyrkja, vart den gamle planen for vedlikehald berre delvis gjennomført og kyrkja har framleis eit vedlikehaldsfond. Det er ikkje lagt inn avsetning til orgel i planperioden. Avsetning frå tidlegare år på til saman kr 400.000 står på fond.

Næring

Bokn kommune skal ha sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt.

Det skal leggjast til rette for å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar i tillegg til å skapa nye i den felles bu og arbeidsmarknaden Haugalandet er.

Bokn kommune har eit lokalt næringsfond som per oktober 2026 har 538.000 disponibelt. Beløpa som vert tildelt er små men har vore viktige tilskott både for etablerte verksemdar og nyetablerarar. Det er ikkje sett av friske midlar til næringsfondet i budsjettet for 2026.

Bokn kommune er medlem av Haugaland Vekst, som arbeider med store regionale prosjekt av betydning for utvikling og vekst på Haugalandet – særleg innan kommunikasjon, reiseliv, rekruttering, utdanning og etablering av sentrale samfunnsinstitusjonar.

Medlemskommunane har til no overført midlar til Haugaland Vekst etter ulike fordelingsfaktorar. Frå og med 2026 er det foreslått at Tysvær, Sveio, Bokn og Karmøy reduserer overføringane sine frå faktor 1,0 til 0,8. Haugesund kommune foreslår å redusere frå faktor 1,4 til 0,8. Den samla reduksjonen i overføringane til Haugaland Vekst utgjer om lag 2 millionar kroner.

	Innbyggertall 2024	Faktor	2025	Faktor	Ny 2026	Endring
Tysvær	11 687	1,0	669 198	0,8	535 358	-133 840
Sveio	5 748	1,0	329 130	0,8	263 304	-65 826
Utsira	217	0,5	6 213	0,5	6 213	0
Haugesund	38 425	1,4	3 080 302	0,8	1 760 172	-1 320 129
Bokn	894	1,0	51 190	0,8	40 952	-10 238
Karmøy	43 577	1,0	2 495 219	0,8	1 996 175	-499 044
Vindafjord	9 044	0,6	310 716	0,6	310 716	0
Etne	4 074	0,6	139 966	0,6	139 966	0
Sauda	4 618	0,6	158 656	0,6	158 656	0
Sum	118 284		7 240 590		5 211 513	-2 029 077

Forutsetninger:

Per innbygger	57,26
---------------	-------

Bokn er inne i ei tid kor det er viktig å gjere seg klar med tanke på Rogfastutbygginga. Kommunen har tru på at bygging - både i byggeperioden og etter ferdigstilling i 2033- vil skape positive ringverknadar for næringsutvikling i kommunen.

Bokn kommune sitt næringsapparat består av ordførar, kommunedirektør og kommunalsjef teknisk.

Det har tidlegare vore eit samarbeid på næring med Karmøy kommune og det vart lagt inn 100 000 kroner i budsjett til dette i 2025. Dette beløpet er nå tatt ut og samarbeidet fortsett på same måte som med dei andre kommunane på Haugalandet utan at det vert kjøpt næringstenester.

Kommunar med lokale næringsforeiningar har ifølge Telemarksforskning høgare attraktivitet enn gjennomsnittet, både for næringsliv og busetjing. Næringsforeininga skal vera eitt felles talerøyr for bedriftene i politiske spørsmål, det vil seia offentleg politikk på kommune-, fylkes- eller nasjonalt nivå

Det er svært positivt at Bokn næringsforum er reetablert. Det gjer det lettare for kommunen å ha ein dialog med næringslivet. Kommunen ser på det som viktig å støtta opp om arbeidet deira. Det er derfor lagt inn ei støtte på kr. 15 000 i 2026 til Bokn næringsforum. Dette er ein reduksjon på 20 000 frå 2025.

Arbeid med plan - og reguleringsarbeid

Bokn er ein liten kommune med store ambisjonar. Ei stadig breiare oppgåveportefølje og skjerpa krav frå statlege myndigheiter gjer at kommunen må vere omstillingsdyktig og framtidsretta.

Samtidig ser vi at behovet for spissa fagkompetanse aukar i heile samfunnet. For ein liten organisasjon som Bokn blir det krevjande å ha all kompetanse internt – særleg innan tekniske fag

som planlegging, regulering og vatn- og avløp. Difor er samarbeid og bruk av ekstern kompetanse heilt nødvendig for å få gjennomført viktige utviklingsoppgåver.

Sidan 2022 har kommunen arbeidd målretta med utvikling og ny regulering av Føresvik, delvis finansiert med midlar frå fylkeskommunen. Vedtaket av arealdelen til kommuneplanen i 2024 og vidare arbeid med Føresvik Nord, Arsvågen, Knarholmen, Føresvikvegen og oppfølging av ny E39 viser at Bokn har høg aktivitet og ambisjonar om å utvikle både bustad- og næringsområde.

For å få dette til, må kommunen kombinere eigne ressursar med ekstern fagkompetanse og aktivt søkje samarbeid og tilskot frå regionale partnerar. Det er slik Bokn held fram med å vere ein liten, men handlekraftig kommune med blikket retta mot framtida.

Kultur

Hovudmål for kultursektoren

- Å auka trivselen til boknarane i eit rikt og trygt miljø samt vidareutvikla kommunen sitt særpreg.
- Dokumentera, bevare og formidla kunnskap om felles kulturarv.
- Oppretthalda og vidareutvikla eit variert musikk- og kulturtilbod.

Verkemiddel for å nå måla:

Stimulere til aktivitet i kultur og idrett for innbyggjarar i alle aldrar

Ny skule og kulturhus gir rom for å vidareutvikle aktivitetar for barn og unge kor ein har moglegheiter for mellom anna kulturformidling, kulturskule og aktivitetshus.

Kommunen er med på å stimulere til aktivitet i kultur og idrett gjennom årleg tilskot til frivillige lag og organisasjonar, og aktivitet til barn og unge blir prioritert i tildelinga. Dette er foreslått vidareført i 2026. Totalbeløpet på kulturmidlane har vore det same i mange år, og det er heller ikkje auka i år. Kr 180.000 er sett av til kulturmidlar, og kr 15.000 til aktive velforeningar i kommunen.

Bygdekinoen har aktivitet kvar 14. dag med to framvisingar. Med fokus på marknadsføring, samarbeid med biblioteket samt samarbeid med filmfestivalen AS har ein som mål å oppretthalde besøkstala på det nivået ein har hatt dei siste åra, og i 2026. Ungdomsrådet har frå 2025 tatt ei aktiv rolle i å velje ut kva filmar som skal visast på kinoen, og finne aktuelle aktivitetar i samband med kino.

Sikre kulturformidling og lokal kulturhistorie

Bokn kommune er med i regionsmuseet Haugalandsmuseet AS. Dette sikrar kommunen større tilgang til formidling, utstillingar, digital formidling og tilrettelagt formidling til skule og barnehage. Kommunen vil vidareføre samarbeidet og jobbe for at innbyggjarane i kommunen vert ytterlegare kjend med lokalkultur og lokalhistorie gjennom mellom anna auka publisering av arrangement. Bokn Historielag held museet ope i sommarmånadane. Sjå også eige punkt om kulturminneplan.

Styrking av kulturskuletilbodet i kommunen

Nasjonal målsetting for kulturskule er at 30% av barn og unge i alderen 6 – 15 år skal ha eit tilbod i kulturskulen. Bokn kommune har jamn etterspørsel etter ulike kulturskuletilbod. Dei siste åra er det gjort eit godt arbeid med å gje nye tilbod gjennom kulturskulen. Dette er både faste aktivitetar og kortare kurs innan både musikk, dans og kunst. Målet vidare er å vidareutvikle tilbodet, og ein jobbar med å få til eit breiare tilbod innan dans og visuell kunst og kunst & handverk. I tillegg til eigne krefter vert det leigd inn instruktørar til ulike aktivitetar og prosjekt.

Kultur og idrett for alle

For barn og unge i låginntektsfamiliar bidreg ordninga med Aktivitetskort til auka deltaking på kultur og fritidstilbod. Ordninga starta i 2020 og gir mellom annan gratis inngang på Karmøy kino, Tysvær kino, Bokn bygdekino, Karmøyhallen, Tysværtunet, museet og kommunale arrangement i Bokn, mm samt tilskot til dekning av cupar/leirer etc. og friplassar i kulturskulen. Mange frivillige organisasjonar kjenner no til ordninga og informerer og sine medlemmer om denne mogelegheita.

Kulturminneplan

Kulturminneplanen for Bokn vart vedteken 4. september 2020. I denne planen vart det blinka ut 22 prioriterte kulturminne. Vidare vart det skissert ein handlingsplan som omfatta elleve tiltak.

1. Brosjyre om dei prioriterte objekta: Verneverdi, råd om vedlikehald, tilskotsordninga osv.
2. Etablera byggeskikkpris
3. Skilting – «plakett» - av dei prioriterte kulturminna. Under arbeid.
4. Kortversjon til alle hushald om dei prioriterte kulturminna. Fullført i september 2023 i form av ei ekstraavgåve av «Bokn Bygdablad», 20 sider.
5. Utarbeida byggeskikkrettelær.
6. Vurdera omsynssoner i arealdelplanen.
7. Vurdera tilskotsordningar til prioriterte kulturminne.
8. Fullføra SEFRAK-registreringa for kulturminne etter 1900.
9. Bok om folketradisjon i Bokn: «Ska sei», 111 sider. Fullført 2024
10. Bok om boknadialekten: «Eg seie meg så», 76 sider. Fullført 2024
11. Tverrsektorielt samarbeid særleg med skulen. Gjennomført hausten 2024 og juni 2025.

Biletbok

Som ein utvida lekk i kulturminneplanen er det også under arbeid ei biletbok for Bokn. Manuskript, tekst og illustrasjonar låg ferdig sommaren 2025. Vidare produksjon, lay-out og trykking, starta hausten 2025. Biletboka omfattar i alt 470 foto, 206 svart-kvitt og 264 i fargar, alle av kulturhistorisk verdi.

Rapport om skilting av prioriterte kulturminne

I skiltplanen vart 20 prioriterte kulturminne blinka ut. I fylgje planen skulle ti skilt vera på plass innan utgangen av 2024 og ti innan utgangen av 2025.

Sommaren 2023 vart Dimmen Design kontakta for produksjon av nye kulturminneskilt. Våren 2024 meldte firmaet at dei måtte trekkja seg frå oppdraget. Ny leverandør, Visuda, vart engasjert i april 2024. Skiftet av firma har medført om lag eitt års forseinking, men utan økonomiske konsekvensar.

Hausten 2024/våren 2025 vart tekstar og illustrasjonar til dei første ti skilta ferdigstilte. Arbeidet med dei resterande skilta, som skal setjast opp i 2026, er starta.

Visuda har utarbeidd utkast til utforming, og dialog om endeleg design pågår. Det er også starta kontakt med grunneigarar for løyve til oppsetting. I tillegg er det utarbeidd utkast til oversiktsskilt for kulturminne i heile Bokn og for framtidig utvikling i Føresvik.

Rammeområde 2 – Oppvekst

Seksjonen omfatter:


Barnehage, grunnskule, voksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste (Karmøy PPT), helsestasjon og bibliotek.

Driftsbudsjett og ramme

Oppvekst, skule og barnehage - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			Budsjett 2026	2027	2028	2029
Budsjett 2025		35 446 000	35 446 000	35 446 000	35 446 000	35 446 000
Rammeendring			1 964 000	845 000	845 000	845 000
Netto driftsramme	33 022 282	35 446 000	37 410 000	36 291 000	36 291 000	36 291 000
Rammeendringer						
Lønns- og prisvekst 2026			1 206 000	1 206 000	1 206 000	1 206 000
Tillegg oppvekst for kjøp av tenester frå private (2025 KS)			90 000	90 000	90 000	90 000
Tillegg for auka grunnbemanning barnehage (2025 KS)			620 000	620 000	620 000	620 000
Auka pensjonskostnad			184 000	184 000	184 000	184 000
Endring i bruk av flyktningmidler			240 000	- 879 000	- 879 000	- 879 000
Øyremerka statstilskot overført frå ramme (reduert frå 2025)			- 376 000	- 376 000	- 376 000	- 376 000
Sum rammeendring			1 964 000	845 000	845 000	845 000

Ansvar	Budsjett 2026
200 - SKULEADMINISTRASJON	22 114 000
210 - Barnehage	10 680 000
220 - SFO	968 000
230 - Bibliotek	1 052 000
299 - Oppvekst adm	1 524 000
330 - HELSESTASJON	962 000
331 - KOMMUNEJORDMOR	110 000
Sum rammeområde	37 410 000



Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden

Oppvekstområdet omfatter born og ungdom frå 0-25 år. Tenestene som høyrer til er jordmorteneste, helsesjukepleiar, barnehage, skule, barnevern, PPT, bibliotek, språkopplæring og samhandling med frivillige lag og organisasjonar. Det er ein barnehage med 42 born og ein skule med 88 born.

Gjeldande planar og planstatus

Mål og strategiar frå oppvekstplan

Bokn har som mål å skapa eit trygt og inkluderande samfunn, som er med på å bygge opp robuste samfunnsborgarar, slik at det er kjekt å koma attende til Bokn.

Oppvekstplanen skal byggja på følgande prioriteringar:

- Tidleg innsats i alle aldrar
- Læring og utvikling tilpassa bornet - god rettleiing gjennom støtteapparat, barnehage og skule.
- Samhandling rundt barn og unge og mellom dei unge
- Aktive born

Våre strategiar for å få det til

1. "Laget rundt barnet" ein raud tråd
Tidlig innsats og inkludering, godt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage/skule og foreldre.
2. Ein god skule og barnehage for å få god læring og godt miljø.
3. Legge til rette for eit godt kulturliv, gode fritidstilbod og eit godt samarbeid med og mellom frivilligheita.
4. Fremme god psykisk og fysisk helse for born og vaksne, utvikla robuste born.

Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden

Bokn kommune har prioritert oppvekstområdet over fleire år. Dette er å sjå framover og å vektleggje at me skal bidra til å skapa framtida både i høve til å skapa gode samfunnsborgarar og god kompetanse. Eit viktig mål for politikarane har vore at unge skal ynskja å koma attende og busetja seg i Bokn og fortsetja å bidra til å byggja eit godt samfunn for alle her. Då må dei oppleve Bokn som ein god stad å vekse opp og ein plass som dei har mange gode relasjonar i.

Me ynskjer å fortsetje satsinga på born og unge og vil leggje inn som forslag i budsjettdokumentet dei føringane og måla som er gitt i Oppvekstplan, Kvalitetsdokument og Årsmelding, samt dei lovendringane og føringane som kjem frå sentralt hald. Det skal arbeidast med mål om å vidareutvikle kvaliteten i tenestene i tråd med lokale behov og nasjonale føringar. Det vil i sektoren være eit behov for å vidareføre tiltak knytt til tidleg og tverrfagleg innsats for born og unge, fellesskapane og trygge oppvekstmiljø, og gode arenaer for leik, kultur og fritid for barn og unge.

Me ser eit aukande behov for spesialpedagogikk og sosial læring, dette er eit nasjonalt fokus og er noko som me tenkjer er både ein utfordring for skulen, men og for samfunnet generelt.

Statistikk for nasjonale tilhøve finn de her. [Spesialundervisning | udir.no](https://spesialundervisning.udir.no)

Spesialundervisning er no omtala som individuell tilrettelegging og er definert i opplæringslova. [Individuell tilrettelegging | udir.no](https://individueell.tilrettelegging.udir.no)

Tiltak og innsparingar – kommunalsjefen si vurdering

Miljøpersonal kombinert skule og fritid.

Me har no 2 tilsette som kombinerer arbeidet sitt med miljøskapande aktivitetar på skulen og

samstundes på fritida. Dei har ansvar for elevråd, ungdomsråd og kommunale tiltak retta mot born og unge. Dei to tilsette har til saman ei halv stilling til arbeidet på fritid.

Dette er løyst innanfor budsjettramma, i tråd med løyvinga frå kommunestyret, samt tilskot frå sentralt hald.

Barnevern

Samarbeidet med barnevernet er auka. Me har hatt tilsette i barnevernet i skule og barnehage der dei har informert om tenesta for dei tilsette. Det er laga ein plan for faste møter med barnevernet. Me er invitert inn i prosjekt for «Tid til» saman med Karmøy kommune, der barnhage/skule kan bestilla tid til møte om bekymringar og case om born. Det er halde trekantsamtalar mellom foreldre, helsesjukepleiar og foreldre for å vurdere hjelp og tiltak rundt borna.

Me kjøper 1,5 stilling til barnevern frå Karmøy kommune. I tillegg betalar me for tiltak som vert sett inn.

PPT

Me har 0,5 stilling frå PPT Karmøy. Kontakten vår er i Bokn annankvar tysdag. Ho har undersøkingar, observasjonar og samtalar og deltek på Innsatsteam. Elles har ho ansvar for å skrive sakkunnige vurderingar for elevar som vert meldt opp til PPT. PPT stiller og med logoped og anna kvalifisert personale ved behov.

Auka bemanning

Auka grunnbemanning i barnehage har redusert bruken av vikar. Gjennom å ha auka grunnbemanning ser me allereie no at det har redusert vikarbruken. Borna opplever meir stabilitet og tryggleik med kjende vaksne.

Tidleg innsats og tilrettelagd opplæring i skulen krev ressursar, samstundes ser me at det gir effekt fordi fleire born har det betre på skulen, føresette er meir nøgde og me kan handtera saker og tiltak raskare. På Bokn har 10,2 % av elevane individuell vurdering med vedtak. PPT sin vurdering er at Bokn skule i stor grad klarar å integrere desse elevane. Likevel krev det ressursar og me ser at enkeltborn meir enn før treng store ressursar.

Me har fleire elevar med omfattande hjelpebehov og som treng 1 til 1 eller 2 til 1 hjelp.

SFO har auka tal born etter at kjernetid vart gratis. Det er no 28 born. Det er og fleire born som er påmeld SFO i feriar. Dette krev auka bemanning, det er 3,2 stillingar knytt til SFO. Det er dei same borna i SFO som i skule, som treng mykje ekstra oppfølging.

Me brukar på grunnlag av dette meir miljøpersonalet enn det som er lagt inn i ramma. For å løyse dette ser me både etter ekstern finansiering og prøver å omorganisere.

Språkopplæring for born med anna morsmål er aukande. Me har i dag 11 born som har anna morsmål. Gjennom å nytta flyktning midlar og ressursar frå skulebudsjett har me no 2,4 stillingar til å arbeide med språk og miljøtiltak rundt desse borna. Det er eit stort arbeid for å få dei inkludert og for å få dei til å snakka norsk.

Foreldrestøttande arbeid

Me har lagt om på korleis me held foreldremøta og gjennomfører dei. I tillegg har me minst to samlingar kvart halvår for foreldre i Bokn. I desse møta legg me opp til informasjon, foredrag og dialog. Me nyttar ressursar til å planlegge og gjennomføre dette frå barnehage, helsesjukepleiar og skule.

Ressursane vert henta frå prosjektmidlar frå sentralt. Me har motteke 250.000 X 3 år frå BUF dir.

Kompetanseutvikling

Bokn kommune får, etter søknad tilført statlege midlar til kompetanseutvikling.

Staten tek no større del av kostnadane til vidareutdanning av lærarar, men noko fell likevel på kommunen sjølv. Det er ein føresetnad at kommunen går inn med eiga finansiering og at denne vert synleggjort i søknader, planer og rapporter. Det er ein føresetnad at kommunen utarbeider og vedtek plan for kompetanseutvikling.

Bokn kommune har fått om kr 380.000,- i midlar til vidareutdanning i 2025/26.

Bokn skule

2 lærarar i vidareutdanning

Samarbeid med HVL

Samarbeid med SMART oppvekst

Bokn barnehage

1 pedagog i masterløp, organisasjon og leiing

1 fagarbeidar i utdanning for barnehagepedagog ABLU

2 lærlingar

Partnerbarnehage med rettleiing frå HVL

Lærande nettverk med barnehagar på Karmøy

Bokn skule er inne i det tredje året med stønad til desentralisert kompetanseutvikling på skule. Der me har fått tilført 240.000 årleg over 3 år. Etter dette vil me nok måtte vente fleire år før det er vår tur att til å motta slik stønad. Me avset ein del av desse midlane på fond slik at me kan fortsetje kompetanseutviklinga i skulen i åra framover.

Barnehager som deltar i lærande nettverk med tema “Lek, inkludering og medvirkning”

- Alle deltakande barnehagar får ein grunnressurs på kr. 10.000

- Nettverksbarnehager får eit tillegg på kr 130 pr barn (Innrapportert pr 15.12.2024)

Partnerbarnehager får samme grunnressurs, men får beregnet tilskudd ut fra en sats på kr. 900 pr. barn

For Bokn barnehage utgjør dette eit samla tilskot på 52.230,-

Det er ny strategi frå regjeringa for kompetanseutvikling. Den samordnar desse 3 ordningane inn i ei ordning. Retningsliner og forskrift er no på høyring og kjem i desember. [System for kompetanse- og karriereutvikling for ansatte i barnehage og skole - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/system-for-kompetanse-og-karriereutvikling-for-ansatte-i-barnehage-og-skole-id2817111)

Prosjekt inkludera born og unge saman med frivillige

Me ynskjer at me saman med dei frivillige og foreldra kan laga ulike arrangement der alle kan vera med og dei som ikkje deltek i andre aktivitetar kan ynskje å koma. Me bruker midlar på å kartlegge og prøva ut ulike modellar for samhandling. Me har fått tilskot frå Bufdir over 3 år med 170.000 kvart år.

Me vil for neste år søka om meir stønad frå BUFdir for å kunne etablera eit fast samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar som arbeider for integrering. Me vil prøve å få nok midlar til å kunne tilsetje ein koordinator.

Kulturveker og samarbeid med Lokal historielaget

Bokn skule har søkt saman med Bokn historielag og fått 60.000,- frå Sentralt lokalhistorielag.

Prosjektet har tittelen: Historia vår synleg for born og unge i Bokn

Bokn kommune har ein vedteke Kulturminneplan og har eit aktivt lokal historielag.

Bokn skule arbeidar no med og ynskjer i større grad i framtida å nytta både kulturminne og å setja Bokn si historie inn i ein samheng for born og unge i Bokn. Bokn kommune har laga bøker knytt til dette arbeidet som kan brukast i samarbeidet.

Bokn kommune har i sin samfunnsdel av kommuneplan mål festa at det skal vera lyst til å bu i Bokn kommune og at ungdom som fer ut skal ynskja å koma heim att. Me trur at å høyra til ein plass er viktig for alle og at historia til den staden du høyrer til er med å gjera deg trygg på at her er du ein del av eit fellesskap. Du vil alltid kunne høyra til og kunne koma heim til denne plassen Bokn.

Midlane er nytta til innleige av historikar, kjøp av utstyr, reiskapar og ting til å produsere med. Det er fleire aksjonar, men mest fokus på to veker i juni. Der var mange frivillige med og bidrog til at det vart mykje læring og opplevingar for elevane våre.

Digitalisering, bøker og praktisk undervisning

Kommunestyret har støtta tiltak for praktisk undervisning på alternativ arena. Denne arenaen er no Austerheim Gard. Dei 6 elevane som får tilbodet på ungdomsskulen har stor nytte av dette og lærer mykje. Dei vert og meir motiverte for skule dei andre fire dagane. Tilbodet ligg i budsjettet og for neste år.

Me fekk 26000 til utstyr for praktisk undervisning frå Udir i fjor etter søknad. Me fekk og pengar frå Saniteten no i vår til leikeutstyr til 1.-4. klasse. Dette gjer at me i dei ulike faga kan ha meir praktisk undervisning.

Regjeringa satsar på Leseløftet og det heiar me på.

Det nye leseløftet inneholder fem hovedtiltak:

Elever på alle klassetrinn skal lese minst 15 minutter hver dag: Å bli god til å lese krevder mengdetrening. Når barn og unge lesar mindre i fritiden, må de lese mer på skolen.

Flere bøker: Barn og unge skal få tilgang til flere fysiske skolebøker, skjønnlitteratur og faktabøker, både som klassesett og i skolebiblioteket.

Mindre skjermbruk for de minste: De yngste elevene bør i større grad bruke fysiske lærebøker, fremfor nettbrett.

Intensivopplæring i lesing: Elever på alle trinn som strever med lesing skal få rask og tilpasset hjelp når de møter utfordringer.

«Hele Norge leser» – ny lesestrategi: Regjeringen vil sette ned en lesekommisjon som skal lage en ny lesestrategi for Norge, og blant annet gi en felles nasjonal anbefaling om hvilke metoder som gir barn best begynneropplæring i lesing på norsk.

Bokn skule har innført lesekvarten. Me aukar og lesinga utanom dette. Me er i ferd me å kjøpa oss opp på lærebøker i fleire fag. Me har no innført mobilfri skule. Me reduserer og gir strengare tilgong på digitale flater. Me har opplæring i og sett i gong intensivkurs i lesing. Me har tru på at tiltaka verkar og ser ei svak stigning på Nasjonale prøvar. Me samarbeidar og med FAU og foreldra om auka lesetrykk i heimane.

Lesing i alle fag

Me har søkt om og fått prosjektmidlar for å ha eit ekstra fokus på lesing. Midlane vert nytta til prosjekt der tilsette har utarbeida ein felles leseplan for barnehage og skule. I denne ligg auka fokus på lesing og begge einingane er i ferd med å implementere planen. Midlane vert og nytta til kursing av tilsette i Shared reading, intensive lesekurs og lese opplæring.

Utdanningsdirektoratet har innvilga 370 000 kroner til prosjektet i 2024/25

Helsestasjonstenesta

Helsestasjonstenesta har hatt fokus på tidleg innsats og arbeid med born og unge i skule. På skulen deltek ho i innsatsteam der fleire fagpersonar deltar, og teamet møtest ein gong i veka.

Tidleg innsats er eit viktig satsingsområde, og ein ser at det er behov for at helsesjukepleiar er endå meir synleg og tilgjengeleg for tilsette, barn og foreldre i både barnehagen og på skulen. Dette er eit arbeid som ikkje er systematisk enno, men er ei klar målsetting.

Tenesta opplev at det mellom anna er stort behov for å rettleie foreldre, og at ein ser at ein må inn i fleire komplekse saker nå enn tidlegare. Dette har fleire årsaksforhold, men ein ser mellom anna ei auke i psykisk uhelse hos barn og ungdom relatert til både skulekvardag og forhold i heimen. Ein ser og at fleire barn og unge slit med søvnnvanskar, noko som fører til meir behov for oppfølging frå helsestasjonstenesta/skulehelsetenesta.

Foreldra får tilbod om søvnkurs og COS-P kurs frå Karmøy kommune.

Samarbeidet med Karmøy er godt og det at Helsesjukepleiar har ein dag i veka i Karmøy gjev både erfaringsutveksling og kompetanseheving begge vegar.

Helsesjukepleiar har delteke i foreldrerettleiing for ukrainske foreldre saman med flyktningekoordinator.

Ein plan for dei 1000 fyrste dagane vert no ferdigstilt. Helsesjukepleiar er ein del av arbeidet med BTI og familieteam.

Bibliotek

Innkjøp av litteratur har auka i kostnad. Biblioteket arbeidar tett saman med skulen, og har mellom annan ei sentral rolle i utviklingsarbeidet "Lesing i alle fag". Det er i prosjektperioden med auka lesing for alle auka stillingsressurs til skulebibliotek der midlane er henta frå eksterne midlar. Innsatsen er retta mot lesing både i barnehage og skule. Det er utvikla ein felles leseplan.

Bibliotekar deltek i bibliotektimar for elevane. Det same gjer skulebibliotekar. Målet er å auke tilgjenge for Bokn sine innbyggjarar. Det er i biblioteket lagt til rette for eigne studieplassar slik at ein uforstyrra kan sitje og studere på biblioteket når ein sjølv ynskjer det.

Gjennom å utvida biblioteket med eit rom for digitale tenester, e-sport og opplæring, kan ein oppnå ringverknader der fleire som ikkje gamer kan nytte biblioteket til lesing og studier samstundes.

Det er stor aktivitet på biblioteket no er det både tysdagskafe og kulturkafe i lokala.

Gjeldande lokale planar og planstatus

Oppvekstplan for 2025 – 2030.

Leseplan for oppvekst born frå 2 til 16 år.

Forsvarleg system for Bokn skule.

Plan for kompetanseutvikling Bokn skule.

Årsplan for barnehage

Kvalitets- og utviklingsmelding Bokn skule.

Bibliotekplan for Bokn folke- og skulebibliotek, under revidering.

Handlingsplan for folkehelse. Blir revidert årleg ut frå statistikk og oversiktsdokument om folkehelsestanden i kommunen.


Rammeområde 3 – Seksjon Helse, pleie og omsorg

Driftsbudsjett og ramme

Helse, pleie og omsorg - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			Budsjett 2026	2027	2028	2029
Budsjett 2025		41 028 000	41 028 000	41 028 000	41 028 000	41 028 000
Rammeendring			- 394 000	- 691 000	- 2 313 000	- 3 103 000
Netto driftsramme	43 626 985	41 028 000	40 634 000	40 337 000	38 715 000	37 925 000
Rammeendringer						
Lønns- og prisvekst 2026			1 395 000	1 395 000	1 395 000	1 395 000
Auke pensjonskostnad			300 000	300 000	300 000	300 000
Flyktninger, budsjetteres tilsvarande tilskot IMDI			- 2 089 000	- 2 386 000	- 4 008 000	- 4 798 000
Sum rammeendring			- 394 000	- 691 000	- 2 313 000	- 3 103 000

Ansvar	Budsjett 2026
300 - Administrasjon helse	275 000
310 - Pleie og omsorg	22 461 000
320 - Legekantor	3 632 000
340 - Psykiatrisk sjukepleie	1 142 000
341 - Psykisk helse	4 660 000
360 - Fysioterapi	777 000
370 - Aktivitet	3 455 000
420 - Flyktninger	4 232 000
Sum rammeområde	40 634 000



Om tenesteområdet

Sektoren har eit breitt ansvar for å sikre innbyggjarane i kommunen nødvendige og kvalitativ gode tenester innan førebygging, behandling, rehabilitering og omsorg. Tenesta rettar seg mot heile befolkninga, men i særleg grad mot eldre, personar med nedsett funksjonsevne, personar med psykiske lidningar, rusproblematikk og flyktningar med behov for oppfølging.

Budsjettforslaget for 2026 har fokus på berekraftig drift, kvalitet i tenestene og målretta investeringar for å møte dagens og morgondagens behov. Det vert føreslått ei vidareføring av dagens tenestenivå, kombinert med enkelte strategiske investeringar(eks. turnusplanlegging, digitalt medisinerom, velferdsteknologi) som vil styrkje kapasitet og effektivitet i tenestene.

Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden

Statistisk sentralbyrå (SSB) sine befolkningsframskrivingar viser at Bokn kommune vil ha ein relativt stabil befolkningsmengde i perioden 2026 – 2040, med eit samla innbyggartal på rundt 880 – 900

personar. Sjølv om totalbefolkninga held seg stabil, endrar alderssamansetninga seg markant, og den demografiske utviklinga fører til at vi må planlegge for fleire eldre.

Eit merkbart trekk er med andre ord at Bokn kommune både har - og vil i kommande år - få ein aukande andel av eldre innbyggjarar, særleg i aldersgruppa 67 – 79 år og 80 år og eldre. Det er venta at andelen personar i yrkesaktiv alder (20 – 66 år) enten kjem til å vere stabil eller minke. Det betyr at kommunen vil ha ein mindre del av befolkninga i yrkesaktiv alder som vanlegvis bidrar mest til arbeidsstyrken, og fleire innbyggjarar som vil ha behov for kommunale helse- og omsorgstenester.

Den demografiske utviklinga fører til at vi må planlegge for fleire eldre, og tal frå Aldring- og helse viser at talet på personar med mild kognitiv svikt og demens vil auke framover. Befolkninga i Bokn er eldre enn gjennomsnittet i Noreg, og kommunen har statistisk fleire med demens-sjukdom enn på landsbasis. Når vi planlegg tenesta dei neste åra, må vi ta omsyn til at vi nå står ovanfor ein dobbel utfordring då fleire har behov for utredning og diagnostisering samtidig som fleire vil ha behov for behandling og omsorg.

Konsekvensane vil mellom anna føre til auka press på helse- og omsorgstenestene, då vi med fleire eldre vil få auka behov for heimebaserte tenester, korttids- og langtidopphald og tilrettelagte bustadar. Mange vil leve lenger med kroniske sjukdomar, demens og samansette behov, noko som stiller høge krav til både kapasitet og kompetanse.

Samstundes som talet på eldre aukar, vil delen personar i yrkesaktiv alder vere stabil eller svakt fallande. Denne utviklinga har fleire viktige konsekvensar for kommunen – både økonomisk, med tanke på personale og med tanke på det tenestefaglege.

Heilt konkret vil vi kunne oppleve enda fleire bemanningsutfordringar og rekrutteringspress, då ein med færre i arbeidsfør alder vil oppleve at det bli meir krevjande å rekruttere og halde på kvalifisert personell, særleg innan helse og omsorg. Konkurransen om arbeidskraft i regionen vil forsterke utfordringane i turnusbaserte tenester.

Auka brukarbehov og meir komplekse tenester fører med seg høgare driftskostnader, og aukande driftskostnader vil føre til behov for omstilling. For å møte dette innan rimelege økonomiske rammer, må kommunen satse på effektivisering, velferdsteknologi og førebyggjande arbeid.

Den demografiske utviklinga i Bokn vil og føre til at kommunen må gjere justeringar i både planverk i tillegg til investeringsprioriteringar. Aukni i talet på eldre innbyggjarar vil krevje styrking av helse- og omsorgstenestene, mellom anna gjennom tilrettelegging for fleire omsorgsbustader, dagtilbod og tilgjengelege helsetenester. Samstundes vil eit fallande tal barn og unge kunne føre til overkapasitet innan barnehage og skule, noko som gjer det naudsynt å vurdere strukturtilpassingar. For å møte framtidens behov må kommunen planleggje langsiktig og berekraftig, med auka fokus på førebygging, samhandling og fleksible løysingar.

Framtidsbildet gjer at vi må stille større krav til samarbeid og nytenking i måten tenestene blir utvikla og levert på. For å møte behova på ein berekraftig måte, må kommunen samarbeide tettare med frivillige lag, pårørande og andre offentlege og private aktørar. Nytenking i organisering, betre samhandling og auka bruk av teknologi vil vere avgjerande for å levere tenester av god kvalitet – på ein berekraftig måte.

Oppsummert kan ein konkludere med at den demografiske utviklinga vil føre til auka press på helse- og omsorgstenestene i åra som kjem, og samtidig gjere det meir krevjande å rekruttere kvalifisert personell. Denne utviklinga vil gi høgare driftskostnader, det blir behov for omstilling og enda større

krav til samarbeid, vi må ta i bruk enda meir teknologi og arbeide enda meir førebyggjande slik at vi sikrar berekraftige og fagleg gode tenester i åra som kjem.

Nye tiltak og innsparingar – kommunalsjefen si vurdering

For å møte den demografiske utviklinga, samt sikre berekraftige helse- og omsorgstenester innanfor stramme økonomiske rammer, vil det i 2026 vere nødvendig å gjennomføre enkelte effektiviseringstiltak og tilpassingar. Desse er vurdert ut frå eit ønske om å oppretthalde forsvarlege tenester, samtidig som kommunen tilpassar seg økte behov og redusert tilgang på arbeidskraft.

Heimetenester: Det må innførast ein meir behovsbasert vurdering av tenester, med mål om å styrkje eigenmeistering og redusere unødvendig hjelp. Dette medfører blant anna auke bruk av tidsavgrensa vedtak og tettare oppfølging av tenestemottakarar.

Konsekvens: Tenestene målrettast i større grad mot dei med størst behov. Nokre brukarar vil kunne oppleve redusert hjelp.

Føresetnad: Kan krevje auka bruk av velferdsteknologi og rettleiing for brukarar og pårørande.

Effektivisering av turnus og bemanningsplan: Vi skal fortsette å arbeide målretta mot å effektivisere turnus og turnusordninga med mål om å redusere bruk av overtid og innleie, samt tilpasse bemanninga etter faktisk behov. Vi må sjå på moglegheita for å ta i bruk eit meir effektivt turnusprogram, slik at arbeidet vert forenkla ved utarbeiding av nye turnusar.

Konsekvens: Betre ressursutnytting. Kan gi auka arbeidspress i enkelte periodar. Utgifter knytt til innkjøp av nytt turnusprogram og utgifter knytt til opplæring av tilsette i programmet.

Føresetnad: Må gjennomførast i tett dialog med tillitsvalte og tilsette. Ressursar til innkjøp og opplæring av eit nytt turnusprogram.

Auka bruk av velferdsteknologi: Pleie- og omsorg vil vidareføre innføring av teknologiske løysningar som medisindispensere, tryggleiksalarmar og sensorar, særleg i heimebaserte tenester.

Nøkkelpersonell får ansvar for dette i tett samarbeid med einingsleiar.

Vi vil også vurdere investering i teknologiske løysningar inne i avdelingane, som digitalt medisinerom, KI-løysingar, kameraovervaking og elektroniske dørlåsar – for å jobbe tryggare og meir effektivt.

Konsekvens: Bruken av velferdsteknologi kan gi direkte og indirekte gevinstar, dette ved å redusere behovet for enkelte besøk, styrke tryggleiken for brukar og pårørande, og gi betre ressursutnytting gjennom færre feil, mindre svinn og reduserte avvik, noko som gir mindre kostnader.

Føresetnad: Krev opplæring og systematisk oppfølging.

Førebyggjande arbeid som investering i berekraftige tenester

Førebyggjande arbeid er ein viktig del av kommunen sin strategi for å møte den demografiske utviklinga og det auka behovet for helse- og omsorgstenester. Målet er å bidra til at innbyggjarane kan bu heime lenger, oppretthalde funksjon og unngå eller utsette behovet for kommunale tenester. Dette er både eit kvalitativt mål og eit økonomisk verkemiddel.

Følgjande tiltak prioriterast og/eller vidareførast i 2026:

Balansegrupper og trening for eldre: Kommunen tilbyr balanserelaterte treningstilbod i grupper for eldre med begynnande funksjonssvikt eller auka fallrisiko. Gruppene fokuserer på balanse, styrke og tryggleik i kvardagen, og vert halde av fysioterapeut eller ergoterapeut.

Konsekvens: Deltaking i balansegrupper gir auka eigenmeistring, betre fysisk funksjon og redusert risiko for fall og påfølgande skader. Dette kan bidra til færre sjukehusinnleggingar og redusert behov for heimetenester eller institusjonsplass.

Føresetnad: Deltaking må organiserast og følgast opp av fysioterapeut eller ergoterapeut, ofte i samarbeid med fastlege og heimetenesta for å nå dei som har størst behov.

Kvardagsrehabiliteringsteam: Kommunen har etablert eit tverrfagleg kvardagsrehabiliteringsteam som gir tilbod om målretta og tidsavgrensa oppfølging til brukarar med nedsett funksjonsevne. Teamet hjelp brukaren med å trene på daglege aktivitetar heime, med fokus på auka sjølvstendigheit og livskvalitet.

Konsekvens: Kvardagsrehabilitering auke brukarens funksjonsevne og sjølvstende i kvardagen, noko som kan redusere eller eliminere behovet for langvarige tenester. Dette gir betre livskvalitet og reduserte kommunale kostnader over tid.

Føresetnad: For å lykkast må teamet ha god koordinering med heimetenesta og andre tenester, og målgruppa må definerast nøye. Det krev fagkompetanse innan ergoterapi, fysioterapi og sjukepleie, samt eit system for evaluering og oppfølging.

Heimebesøk til alle over 75 og 85 år: Kommunen gjennomfører systematiske heimebesøk til alle innbyggjarar ved fylte 75 og 85 år. Besøka har fokus på helsevurdering, informasjon om førebygging, tilrettelegging og rettleiing om hjelpemidlar, ernæring og tryggleik i heimen.

Konsekvens: Tidleg identifisering av helse- og funksjonsutfordringar mogleggjer raskt og målretta tiltak, som kan førebygge akutte hendingar som fall og forverring av kroniske sjukdommar. Dette kan utsette eller redusere behov for omfattande omsorgstenester.

Føresetnad: Besøka krev kompetent helsepersonell med tid avsett til planlagt oppfølging. Samarbeid med fastlegar og pårørande styrker effekten.

Dagsentertilbod for heimebuande eldre: Kommunen tilbyr dagsentertilbod til heimebuande eldre med funksjonssvikt eller kognitiv svikt. Dagsenteret gir deltakarane moglegheit til sosialt samvær, strukturert aktivitet og ernæringsrike måltider, noko som bidrar til auka livskvalitet og redusert einsemd. Tilbodet fungerer og som viktig avlastning for pårørande.

Konsekvens: Deltakare opplev auka livskvalitet og ei kjensle av å høyre til, samtidig som behovet for institusjonsplass eller omfattande heimetenester kan utsettast. Pårørande får nødvendig avlastning.

Føresetnad: For å lykkast krev eigna lokale, transportordningar og tilstrekkeleg bemanning. Tilbodet må målrettast dei som har størst nytte av det, og inngå i ein heilhetleg førebyggings-strategi.

Middagsutlevering og servicepakke: Kommunen tilbyr middag og servicepakkar (alle døgnetts måltid) til eldre personar med nedsett funksjonsevne som ikkje kan lage mat sjølv. Tenesta sikrar at brukarar

får ernæringsrike måltid, noko som er førebyggjande i forhold til underernæring og tilhøyrande helseproblem.

Konsekvens: Middagsutlevering og utlevering av servicepakkar betrar ernæringsstatus, førebyggj helseplagar og reduserer behovet for praktisk hjelp som matlaging og innkjøp. Det kan og bidra til auka tryggleik og trivsel. Krev personalressursar (førebuing av måltid og utlevering til brukar).

Føresetnad: Tenesta krev samarbeid med institusjonskjøkken og rutinar for tilsyn der det er behov. God informasjon til brukar og pårørnde er viktig for at tilbodet skal fungere optimalt.

Frisklivssentral og helsefremmande tiltak: Kommunen tilbyr helsefremmande tiltak gjennom frisklivssentral, med kurs og gruppetilbod innan fysisk aktivitet, kosthald og røykeslutt. Desse tenestene er retta mot personar med auka risiko for sjukdom og funksjonstap.

Konsekvens: Tiltaka aukar eigenmeistring, reduserer risiko for sjukdom og psykisk uhelse, og kan dermed redusere etterspurnaden etter helse- og omsorgstenester over tid

Føresetnad: For å lukkast krev interkommunalt samarbeid, tverrfagleg kompetanse, samarbeid med fastlegar og NAV, samt god forankring i kommunen. Tilbodet bør målrettast mot grupper der effekten er dokumentert.

Støtte og rettleiing til pårørnde: Kommunen har inngått interkommunalt samarbeid med andre kommunar og Utviklingssenteret for sjukeheim og heimetenester i Haugesund. Her gir dei tilbod om kurs til pårørnde til menneske med demens eller som har andre omsorgskrevjande tilstandar. Utviklingssenteret gir mellom anna tilbod om pårørndeskule, rettleiing og støttesamtalar. Formålet er å styrkje pårørnde si meistring og førebygge belastningsrelaterte helseproblem. Kommunen har i tillegg til tilsett i psykisk helseteneste og eigen demenskoordinator og eigen kreftkoordinator, som ved behov gir støtte og rettleiing til pårørnde.

Konsekvens: Betre ivaretaking av pårørnde aukar kvaliteten på omsorga, og kan utsette behovet for kommunale tenester. Det bidrar og til å førebygge utbrentheit og sjukefråvær blant pårørnde.

Føresetnad: Tiltaket krev tilgjengeleg fagkompetanse, strukturert opplegg for kurs og samtalar, samarbeid med anna helsepersonell, og fortsatt interkommunalt samarbeid.

Tryggleiksalarm og velferdsteknologi: Kommunen tilbyr tryggleiksalarm, elektronisk medisindispenser og velferdsteknologiske løysningar som rørslesensarar for heimebuande brukarar. Dette aukar tryggleiken og gir moglegheit til å bu heime lengre.

Konsekvens: Auka tryggleik i heimen reduserer behovet for hyppige heimebesøk og kan førebygge ulykker og akutte hendingar.

Føresetnad: For at teknologien skal fungere optimalt må brukaren få nødvendig opplæring, og det må vere god teknisk drift og oppfølging. Løysningane må inngå i ein heilhetleg plan for digitalisering av tenestene.

Andre innsparingstiltak og tiltak for berekraftige tenester

I tillegg til strukturelle grep og teknologiske løysningar vil kommunen i 2026 styrke arbeidet med fleire ikkje-kostnadskrevjande, men verknadsfulle tiltak som kan bidra til både betre tenester og økonomisk berekraft. Felles for desse tiltaka er at dei bidrar til betre ressursutnytting gjennom kultur, leiing og tydelegheit – og legg rette for å møte framtidens behov utan å auke kostnadane tilsvarande.

Systematisk nærvær arbeid og førebygging av sjukefråvær: Eit høgt sjukefråvær i helse- og omsorgssektoren fører til store kostnader knytt til vikarbruk og redusert kontinuitet. Kommunen vil og i 2026 fortsette arbeidet med å styrke innsatsen på nærvær arbeid, gjennom tiltak som tett oppfølging ved sjukefråvær, tidleg tilrettelegging og dialog med den tilsette og fokus på arbeidsmiljø, meistring og fagleg støtte i krevjande situasjonar.

Konsekvens: Auka nærvær gir reduserte kostnader til vikarar og overtid, samt betre stabilitet for brukarane

Føresetnad: Krev tett samarbeid mellom leiinga og tilsette, samt kontinuerleg oppfølging

Forventningsavklaring og tydeleg informasjon til innbyggjarane: Eininga vil jobbe meir aktivt med å kommunisere kva innbyggjarane kan forvente av helse- og omsorgstenesta. Dette gjeld både kva tenester kommunen tilbyr – og ikkje tilbyr, kva som er forventa av eigen innsats og ansvar og at tenestene som gis er eit supplement, og ikkje ei erstatning for eigenomsorg og pårørandearbeid.

Konsekvens: Reduserer misforståingar og kan dempe etterspurnad etter tenester der det finnes andre løysningar.

Føresetnad: Krev tydeleg språk, god dialog med brukarar og samordna budskap på tvers av sektorane.

Nye innsparingstiltak til vurdering

Redusere «servicenivå» i ikkje-lovpålagte tenester: Sjå på oppgåver som ikkje er helsehjelp, men som ofte blir gitt (for eksempel ta inn posten, ta ut søppel, sette på kaffi mm). Tiltaket vil her vere å justere praksis til det som faktisk er vedtatt i tenestevedtaket. Innsparing her vil vere i form av lågare tidsbruk pr brukar og gir betre kapasitetsutnytting. Dette føresett at vi har god dialog med brukar der det er kommunisert ein klar forventningsavklaring ut mot brukar.

Samlokalisering av tenester: Vurdere om enkelte tenester (for eksempel dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt) kan samlokalisast eller sambrukas meir fleksibel, for eksempel ta desse inn i avdelinga. Innsparing her vil vere relatert til bemanning og vil vere ressursparande, men føresett noko omorganisering og planlegging før iverksetting.

Styrke samarbeidet med frivillige: Kommunen arbeider for å styrke samarbeidet med frivillige aktørar. For helse- og omsorg vil tilbod om besøksvenn, aktivitetsstøtte og sosial kontakt, vere til god nytte, spesielt retta mot heimebuande brukarar med lågt vedtaksnivå. Innsparing for eininga kan vere at vi får reduksjon i etterspurnad etter kommunalt personale til sosiale formål (støttekontakt), medan føresetnaden er at det krev god koordinering og kvalitetssikring.

Alle tiltaka skal vurderast nøye med tanke på forsvarleg drift, brukarmedverknad og økonomisk effekt. Mange av desse har som mål å bruke tilgjengelege ressursar betre – ikkje å svekke tilbodet. I sum kan slike grep bidra til å møte dei aukande behova i helse- og omsorgssektoren utan at kostnadane aukar tilsvarande.

Kva tiltak/effektiviseringsgevinstar er innarbeidd i budsjettet

Helse- og omsorgssektoren vil og i 2026 ha aukande vekst i tenestebehovet, og det er difor stor usikkerheit knyt til budsjetttramma. Hovudutfordringane er å finna rette og akseptable område for kostnadsreduksjon og realisere desse.

Kommunen tilbyr i dag fleire tenester som ikkje er lovpålagde, men som har utvikla seg som ein viktig del av det samla tilbodet til eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld til dømes dagsenter for friske eldre, utlevering av ulike måltid, balansegrupper/trening, tildeling av velferdsteknologiske løysningar og heimebesøk til alle over 75 og 85 år. Desse tenestene er etablert med eit tydeleg førebyggjande og helsefremjande formål, og har i mange tilfelle bidreg til å utsette eller redusere behovet for omfattande helse- og omsorgstenester – som til dømes institusjonsplass eller auka heimebasert hjelp.

I ein økonomisk pressa situasjon er det likevel nødvendig å sjå på omfanget av slike tilbod og vurdere om det er rom for å stramme inn der det er mogleg, utan at det går vesentleg utover tenestenivået til dei som har størst behov. Dette krev ei grundig vurdering av kva som gir størst effekt – både for brukarane og for tenesteapparatet – og korleis tenestene kan tilpassast og eventuelt målrettast ytterlegare. Tiltak som har dokumentert førebyggjande effekt, og som bidreg til at brukarar klarer seg lenger utan omfattande kommunal hjelp, bør prioriterast og sjåast på som investeringar snarare enn reint forbruk.

Dersom kommunen på sikt må redusere i desse tilboda, vil det vere viktig å sikre at reduksjonen skjer på ein fagleg forsvarleg og sosialt berekraftig måte. Det kan og vere aktuelt å sjå på moglegheita for samordning, nye driftsformer, samarbeid med frivillig sektor eller brukarbetaling – der det er rettferdig og om det er mogleg å gjennomføra.

Samla sett utgjer desse tenestene ein viktig del av det førebyggjande fundamentet i helse- og omsorgstenesta. Dei bidreg til betre helse, auka livskvalitet, sosial deltaking og eigenmeistering hos eldre – og gir på sikt eit mindre press på dei mest kostnadskrevjande tenestene våre. Eit helsefremjande perspektiv tilseier derfor at slike tiltak bør takast vare på i størst mogleg grad, også i tider der kommunen står i krevjande økonomiske val.

I tillegg til å sjå på tenestene som er ikkje-lovpålagde, må vi og sjå på kva andre tiltak vi kan iverksette for å få ned kostnadane i helse- og omsorg. Aktuelle strukturelle tiltak vi vil jobbe med i 2026:

Oppgåvefordeling: Vi må fortsette å arbeidet med oppgåvefordeling i eininga pleie- og omsorg, ved å sjå korleis vi kan nytte tilsette med ulik kompetanse betre og meir hensiktsmessig enn i dag. Dette kan styrke fagmiljøet, og er positivt med omsyn til rekruttering. Samtidig vil ei god oppgåvefordeling kunne bidra til å heve kvaliteten på tenester som er tilpassa individuelle behov. Dette ved at dei ulike oppgåvene som i lag utgjer tenesta vert ivaretatt av tilsette med spisskompetanse på det faglege.

Møtestruktur: Vi kjem til å foreta endringar av møtestrukturen vår i årsturnusen for 2026, ved å ta ned møtefrekvensen i turnusen, og heller satse på andre treffpunkt med personalet. Vi vil ha etisk refleksjon og faglunsj med avtalte tema på faste dagar, der dei som er på arbeid deltar.

Redusere frekvens på lovpålagte oppgaver: Ved evaluering og tildeling av vedtak, vil vi ta individuelle vurderingar og mellom anna sjå på hyppigheit/frekvens av tildelte tenester. Vedtaka skal vidare vere tidsavgrensa, og ha kortare varigheit enn det som vi fram til nå har gitt.

Dei strukturelle endringane er til saman ulike tiltak som bidrar til at personalet nyttar tida si på det viktigaste – nemleg pasientretta arbeid. I tillegg vil ein òg vidareføre andre tiltak som har som mål å få ned kostnadane i eininga. Vi vil i 2026 mellom anna fortsette arbeidet med;

- **Heiltidskultur.** Arbeidet med å få ut gevinstar som ligg i heiltidskultur fortsett. Dette får vi til ved bruk av årsturnus.
- **Årsturnus.** Gir forutsigbarheit for året ved at ferieavvikling, helg- og høgtidsturnus, permisjonar, kjent sjukefråvær, kompetanseplanlegging m.m. vert lagt, og ein planlegg drifta for eit heilt år. Det totale ressursbehovet for eininga vert på denne måten synleggjort på ein god måte.
- **Få ned bruk av overtid.** God turnusplanlegging gjer at ein får mindre bruk av overtid og vikarar, noko som gir økonomisk gevinst på sikt.
- **Arbeidsmiljø.** Helse- og omsorg har fleire tenester som har utfordringar som gjeld utagering, truslar og vald. Det handlar om nødvendig helsehjelp, rett fagkompetanse og HMS. Kommunen har leiging, verneombod og tillitsvalte som har fokus på dette. Vi har nærværs grupper i pleie og omsorg – dette tiltaket vil og fortsette i 2025.
- **Kompetanseheving.** Eininga har laga kompetanseplan som vert revidert årleg. Tilsette kan søkje om økonomisk støtte til vidareutdanninga og vise til satsingsområda som står i kompetanseplanen. Det vert søkt om eksterne midlar frå Statsforvaltaren, då med utgangspunkt i kompetanseplanen som er utarbeidd.
- **Velferdsteknologi.** Helse- og omsorg må ha nok ressursbruk til å ivareta heilt nødvendige oppgåver som er knytt til digital samhandling, e-helse, dokumentasjon og kjernejournal. Vi vil fortsette å prioritere ressursar til dette arbeidet.
- **Helseteam for eldre.** Gi tilbod til alle som har fylt 75 og 85 år, og vert gjort innanfor allereie eksisterande budsjettamme. Tilbodet er eit førebyggjande tiltak som gir kommunen god oversikt over tilstanden til dei eldste i kommunen.
- **Kvardagsrehabiliteringsteam.** Arbeider førebyggjande der målet er at flest mogleg skal kunne bu heime i eigen bustad. Gir økonomisk gevinst for kommunen på sikt.
- **Bu trygt heime.** Avløysar kvalitetsreforma *Leve heile livet*. Innsatsområde er; Levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og -planlegging, kompetente og myndiggjorde medarbeidarar og tryggleik for brukarar og støtte til pårørande. Dei overordna måla med reforma er å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, styrka førebygging og meir målretta tenester.

Aktivitet (nøkkeltal)

Helse- og omsorg skal gi brukarvenlege, samordna og kompetente helsetenester. Vi skal bidra til at brukarane av tenesta skal settast i stand til å ta større ansvar for eige helse, behandling og omsorg, slik at den enkelte kan oppnå betra funksjonsnivå og livskvalitet. Dei overordna målsettingane for 2026 er:

Hovudmål: God økonomisk styring

Delmål 1: Halde seg innanfor budsjettammene for 2026

Indikator: Rekneskapstala for 2026

Hovudmål: Kompetente medarbeidarar

Delmål 1: Styrke kompetansen hos tilsette

Delmål 2: Ved nytilsetting - sjå til at ein tilsett personar med rett kompetanse

Delmål 3: Behalde kompetansen i kommunen

Indikator: Årsverk på tilsette med høgskule eller fagbrev

Indikator: Måle talet på «turnover» i løpet av året

Indikator: Kompetansemidlar tildelt frå Statsforvaltaren og/eller OU-fond

Hovudmål: Optimalisere årsturnusen for 2026

Delmål 1: I størst mogleg grad bruke faste tilsette for å dekke opp i kjent fråvær

Delmål 2: Få ned bruk av overtid og forskyving av vakt

Indikator: Rekneskap på bruk av vikarar

Indikator: Rekneskap på bruk av overtid

Hovudmål: Arbeide mot heiltidskultur for tilsette i helse- og omsorg

Delmål 1: Arbeide systematisk mot at tilsette får høge stillingsstørrelsar

Delmål 2: Bygge fagmiljø som er prega av kontinuitet og nærvære

Indikator: Talfeste gjennomsnittleg stillingsstorleik i helse- og omsorg

Indikator: Årsturnus som bidrar til at tilsette med faste stillingar naturleg får auka opp stillingsstørrelse

Hovudmål: Arbeide mot nærværskultur

Delmål 1: Systematisk og kontinuerleg arbeide for at tilsette skal oppleve godt arbeidsmiljø

Delmål 2: God oppfølging av tilsette som har sjukefråvær

Delmål 3: Nærvær på 90% i 2026

Indikator: Sjukefråværsprosent henta ut av HRM

Indikator: Bruk av bedriftshelsetenesta ved behov

Hovudmål: Gi rett teneste til rett tid

Delmål 1: Gi likeverdige tenestetilbod i heile kommunen

Delmål 2: Ta utgangspunkt i brukaren sine ressursar og føresetnadar, og kartlegge hjelpebehov

Delmål 3: Ha fast team som gjennomfører kartleggingsbesøk

Indikator: Tal på behandla vedtak

Indikator: Tal på klagesaker

Hovudmål: Gi tilbod på lågaste effektive omsorgsnivå (BEON- prinsippet) i omsorgstrappa

Delmål 1: Tildele helse- og omsorgstenester på rett omsorgsnivå

Delmål 2: Førebyggje institusjonsinnlegging og gi hjelp i heimen

Delmål 3: Bidra til at dei som ynskjer det skal få bu lengst mogleg i eigen heim

Indikator: Tal på innbyggjarar 0 – 66 år som får heimetenester

Indikator: Tal på innbyggjarar 80 år og eldre som får heimetenester

Indikator: Tal på institusjonsbebuarar på korttidsopphald

Indikator: Tal på institusjons bebuarar med langtids plass

Indikator: Tal på mottakarar av heimetenester i alt

Hovudmål: Satse på førebyggjande arbeid og tiltak

Delmål 1: Heimebesøk til over 75 år og 85 år, tilbod frå «*Helseteam for eldre*»
Delmål 2: Gi tilbod til dei som har behov for det, å delta på kvardagsrehabilitering
Delmål 3: Ha kommunalt hjelpemiddellager med tilstrekkeleg og naudsynt utstyr til utlån
Delmål 4: Ha tilbod for heimebuande med kognitiv svikt
Indikator: Tal på heimebesøk
Indikator: Tal på brukarar som nyttar tilbodet gjennom kvardagsrehabilitering
Indikator: Tal på utleverte hjelpemidlar
Indikator: Tal på deltakare på tilbod for heimebuande med kognitiv svikt

Hovudmål: Lågterskeltilbod psykisk helse- og rustenesta

Delmål 1: Kort ventetid for å få hjelp
Indikator: Gjennomsnittleg ventetid på tenesta for nye søkjarar

I tillegg:

- Etablere interkommunalt samarbeid der dette er naudsynt
- Arbeide systematisk mot innføring av nødvendige tiltak som er i samråd med «*Bu trygt heime*» reforma
- Helse- og omsorg skal vere ein god arbeidsplass for alle tilsette

Gjeldande planar og planstatus

Vi har følgjande planar i helse- og omsorg:

Helse og omsorgsplan 2025 – 2031. Formålet med planen er å sikre at alle som bur eller oppheld seg i Bokn får gode tenester i dag og i framtida. Hovudmål i helse- og omsorgsarbeidet er å leggje til rette for auka ansvar, meistring og deltaking for brukarar og innbyggjarar i alle fasar gjennom livet samt å gi helse- og omsorgstenester av god kvalitet, for dei som treng det, i tråd med ein berekraftig vekst- og velferdsutvikling. Arbeidet med å revidere planen er allereie i gang og er forventa ferdig i løpet av våren 2026.

Bustadsosial handlingsplan. Vert innarbeidd i revidert Helse- og omsorgsplan 2025-2031

Plan for habilitering og rehabilitering. Vert innarbeidd i revidert Helse- og omsorgsplan 2025-2031

Eit liv utan vald 2024 - 2028. Skal bidra til at Bokn kommune har fokus på vald og overgrep, og at dei som er råka får eit tilbod som er tilrettelagt og heilskapleg. Hjelpetilboda innanfor området skal vere kunnskapsbasert og samordna, og sikre at kommunen fyller lovkrava om å førebyggje, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Handlingsplanen skal auke kunnskapen hos dei tilsette i kommunen og styrkje samhandling mellom faggrupper, sektorar og ulike forvaltningsnivå.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen skal gi eit kort overblikk over rusmiddelsituasjonen i dag, synleggjere kva utfordringar ein står ovafor og kva som er tiltak og fokusområde i planperioden. Planen for rusfeltet skal bidra til ein forbetra, forsterka, tverrsektorielt og samordna førebyggjande innsats og innsats ovafor grupper som står i fare for, er i ferd med å utvikle eller har lettare/moderate rusproblem, for personar med alvorleg rusavhengigheit, samt deira pårørande. Arbeidet med revidering er i gong, og skal behandlast i løpet av 2026.

Beredskapsplan for psykososialt kriseteam. I tråd med forskrift om krav til beredskaps-planlegging og beredskapsarbeid med vidare, og etter «Lov om helsemessig og sosial beredskap», skal

kommunane ha ein kriseberedskapsplan som inkluderer ein plan for psykososial bistand til kriseramma. Målsettinga med planen er at det skal vere ein heilskapleg, likeverdig og forsvarleg psykososial oppfølging til den eller dei som vert råka. Handlingsplanen vart revidert våren 2024.

Kompetanseplan for helse og omsorg 2025 – 2030. Formålet med planen er å fastsette mål og tiltak for å rekruttere inn og behalde naudsynte personalressursar. Kompetanseutvikling av fagpersonell er regulert i lovverk og gjennom krav og føringar vist i Hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 8. Denne har bestemmingar om at det skal utarbeidast ein opplærings- og utviklingsplan som skal inngå i ein heilskapleg kommuneplanlegging. Handlingsplanen vert revidert årleg, då i januar kvart år.


Handlingsplan for folkehelse. Blir revidert årleg ut frå statistikk og oversiktsdokument om folkehelsestilstanden i kommunen.

Rammeområde 4 – Seksjon Sosial og Barnevern

Sosial og Barnevern - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2024	Budsjet 2025	Økonomiplan			
			Budsjett 2026	2027	2028	2029
Budsjett 2025		2 989 000	2 989 000	2 989 000	2 989 000	2 989 000
Rammeendring			818 000	818 000	818 000	818 000
Netto driftsramme	5 672 449	2 989 000	3 807 000	3 807 000	3 807 000	3 807 000
Rammeendringer						
Lønns- og prisvekst 2026			102 000	102 000	102 000	102 000
Auke i antal tiltak barnevern			716 000	716 000	716 000	716 000
Sum rammeendring			818 000	818 000	818 000	818 000

Ansvar	Budsjett 2026
400 - Sosial	1 127 000
410 - Barnevern	2 680 000
Sum rammeområde	3 807 000



Sosial

Bokn har felles Nav-kontor med Karmøy, lokalisert i Kopervik, og inneholdt både kommunale og statlege tenester. Tenestetilbodet skal vere trygt og forutsigbart, samtidig som det er dimensjonert og strukturert i forhold til befolkninga si samansetting og behov. Nav si viktigaste oppgåve er å hjelpe folk i arbeid og sørge for at dei som ikkje kan arbeide får ytingane utbetalt til rett tid. Digitaliseringa av Nav handlar om å klare seg sjølv, noko ein legg til rette for. Nav Karmøy-Bokn har innført Digisos, som har som målsetting å få til digitale søknader om sosiale tenester via nav.no.

NAV tilbyr arbeids retta tiltak og individuell veiledning/oppfølging ved behov. Dei skal i større grad drive oppsøkende verksemd ut mot brukarar som treng ekstra oppfølging. I tillegg skal arbeidsmarknaden få meir oppfølging frå NAV for å sikre at fleire kjem inn i ordinært arbeid og på den måten ser til at færre fall utanfor. Bokn kommune har som ei av sine målsettingar å redusere utanforskap, og Bokn kommune og Nav Karmøy-Bokn har difor inngått ein samarbeidsavtale som forpliktar oss til å samarbeide om ordinære og inkluderande rekrutteringsbistand og formidling av arbeidssøkjjarar til ledige stillingar i kommunen. Bokn kommune har som mål å ta samfunnsansvar og ønsker til ein kvar tid å ha samarbeidsprosjekt med NAV som omhandlar tiltak/inkludering/rekruttering. Målet er at flest mogleg av desse kjem vidare i ordinært arbeid, sjølv om det ikkje alltid er mogleg å få dette til.

Gjennom partnerskapet med kommunen tilbyr Nav-kontoret veiledning, økonomiske ytingar, gjeldsrådgjeving, kvalifiseringsprogram og hjelp til å skaffe bustad. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova) regulerer det kommunale ansvaret og oppgåvene som Nav-kontoret skal utføre eller medverke til, og inngår i kommunen sitt ansvar for å yte

velferdstenester. Formålet med lova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Kommunen har eit overordna ansvar for å hjelpe den enkelte, og tidleg innsats er vesentleg for å førebyggje sosiale vanskar. Dette gjeld særleg ovanfor born, unge og unge vaksne som veks opp i vanskelegstilte familiar. Det stilles krav til ein heilhetleg tilnærming til barnefamiliar der alle familiemedlemmene sitt behov vert kartlagt og ivaretatt. Noko vert gjort lokalt i kommunen, medan andre gonger medfører dette at ein må til Karmøy for å få hjelp.

I forbindelse med krigen i Ukraina vart Bokn kommune bedt om å ta imot flyktningar. I perioden 2022 – 2025 har Bokn busett totalt 55 flyktningar, av desse har 21 returnert tilbake til Ukraina. Situasjonen i Ukraina og nærområda er svært usikre, og vi veit ikkje kor lenge krigen vil vare. Regjeringa si målsetting er at flyktningar som kjem til Noreg raskt skal kunne delta i det norske samfunnet. Kommunen får tilskot frå staten til busetting og integrering. Integreringstilskotet, samen med tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne, vil utgjere den viktigaste finansieringa av kommunen sitt busettings- og integreringsarbeid.

I forbindelse med flyktningarbeidet inngjekk Bokn kommune ein tilleggsavtale til samarbeids-avtalen om NAV mellom Karmøy kommune og NAV Rogaland. Denne vart avslutta 01.06.2025, og Bokn kommune handterer nå flyktningarbeidet sjølv. Ein har i løpet av 2025 utarbeidd ei rekkje målsettingar for flyktingtenesta i Bokn. Det er målsettingar innanfor integreringsplan og IP-møter, norsksprøve – gjennomføring og resultat, aktivitet etter avslutta introduksjonsprogram og deltaking i fritidsaktivitetar.

Tiltak:

- Sikre rask og heilhetleg oppfølging, og god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene
- Gi kvalifisert økonomisk rådgiving og kartlegge privatøkonomien i tidleg fase
- Bidra til trygge og stabile bu- og oppvekstmiljø gjennom aktiv bruk av bustadsosiale verkemidlar, låne- og tilskotsordningar. Ein er godt i gong med revideringa av bustadsosial handlingsplan, og hadde som mål at denne skulle opp til politisk behandling i løpet av 2022
- For at fleire skal oppleve god helse og meistring må ein arbeida og motivere for mobilisering av innbyggjaranes eigeninnsats, eigne ressursar og inntektsevne for at ein på den måten bli meir sjølvhjelpen
- Legge til rette for at arbeidstrening og opplæring i størst mogeleg grad skjer på arbeidsplassen og i det ordinære arbeidslivet
- Sikre borna sine behov og moglegheiter til deltaking i fritids- og sosiale aktivitetar ved utmåling av sosialhjelp
- Sikre god integrering av flyktningar, og bidra til at alle, uavhengig av bakgrunn og kjønn, skal kunne få arbeid og ha like moglegheiter til å delta på lik linje med andre, både i skulen og elles i samfunnet her i Bokn kommune. Dette er viktig med tanke på at samfunnet skal kunne nyttiggjere seg alle ressursar i befolkninga, men og for at den enkelte skal kunne påverke si eiga livssituasjon

Barneverntenesta

Barnevernreforma, og kalla oppvekstreforma, trådde i kraft 1. januar 2022. Delar av reforma vart gradvis innført i 2018. Som ein konsekvens av reforma får kommunen no eit auka fagleg og

økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er å sikra eit betra barnevern, der tenestetilbodet skal kunna tilpassast lokale behov.

Barnevernreforma gir kommunen incentiv og mogelegheiter til meir førebyggjande tiltak og auka samarbeid på tvers av tenester. Sjølv om reforma fyrst og fremst regulerer barnevernet, vil ein best oppnå måla gjennom endring i heile oppvekstsektoren.

Bokn kommune har inngått avtale med Karmøy kommune om kjøp av barnevernteneste.

Hjelpetiltaka som vert sett inn tykkjer å vere meir målretta mot å rettleia foreldra til betra omsorgsevne, og færre barn vert no plassert utanfor heimen. Blant barn som må flytta ut av heimen, vert det som fyrste prøvd å sjå på om det er mogleg for barnet å bu sjå nokon dei kjenner frå før (slekt eller andre i nettverket til barnet).

Endringsarbeid i tråd med barnevernreforma som er i gong og vil ha auka fokus er:

- Det skal arbeidast vidare med å styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, mellom anna gjennom tverrfagleg/tverrsektorielt samarbeid
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familie sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal bli godt ivaretatt
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv

Demografiutvikling fører og i Bokn som i dei fleste kommunane, at det vert færre barn og fleire eldre.

Det er eit mål at barn, unge og familiar som har behov for det, skal få barnevernstenester av høg kvalitet. Regjeringa si kompetansesatsing i kommunalt barnevern vert fylgt for å oppretthalde og utvikle god og rett kompetanse i barneverntenesta.

Barnevern - Gjeldande planar og planstatus

Barnevernreforma (Prop 73L (2016 - 2017) Endringar i barnevernlova)

Barnevernreforma vart vedteke ved Stortinget si behandling av Prop. 73 L (2016–2017) Endringar i barnevernlova (barnevernsreform) vart lagt fram i juni 2017, og tredde i kraft 1. januar 2022.

Reforma inneheld både kvalitetstiltak og endringar i ansvarsdelinga mellom stat (Bufetat) og kommune. Kvalitetstiltaka i reforma består fyrst og fremst av eit kompetanseløft. I tillegg kjem tiltak for å styrke den kommunale styringa av barnevernet.

Dei viktigaste endringane i ansvarsfordelinga mellom stat og kommune;

1. Kommunane får eit auka finansieringsansvar for barneverntiltak
2. Heilskapleg kommunalt ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar
3. Staten sine spesialiserte tilbod blir tydeleggjort i lova
4. Krav om årleg rapportering om barnevernet til kommunestyret

Innsatsområde: Arbeidet med reforma vert konsentrert rundt nokre innsatsområde, det enkelte born sitt behov skal stå i sentrum, tydeleg ansvarsdeling mellom stat og kommune, styrking av utdanning og kompetanse blant barneverntilsette og lokal forankring og styring.

Grunnpilarane i reforma er førebygging og tidleg innsats, heiskapelege tenestetilbod, samarbeid på tvers av sektorar, kommunal styring og samarbeid på tvers av kommunar, og auka fagleg- og økonomisk ansvar for kommunane for det kommunale barnevernet.

Rammeområde 6 – Seksjon Teknisk

Driftsbudsjett og ramme

Teknisk - Driftsramme

Beløp i kr	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan			
			Budsjett 2026	2027	2028	2029
Budsjett 2025		8 070 000	8 070 000	8 070 000	8 070 000	8 070 000
Rammeendring			1 516 000	1 046 000	1 046 000	1 046 000
Netto driftsramme	10 271 372	8 070 000	9 586 000	9 116 000	9 116 000	9 116 000
Rammeendringer/tiltak						
Lønns- og prisvekst 2026			275 000	275 000	275 000	275 000
Auke pensjonskostnad			45 000	45 000	45 000	45 000
Konsulent reguleringsplan B15			240 000	-	-	-
Robotgressklippere			230 000	-	-	-
Kompensert bortfall inntekt sjølvkost			726 000	726 000	726 000	726 000
Sum rammeendring			1 516 000	1 046 000	1 046 000	1 046 000

Tenester Teknisk	Budsjett 2026
3390 - BRANNVESENET	1 964 000
3010 - PLANSAKSBEHANDLING	1 657 000
2220 - BOKN SKULEBYGG	1 385 000
1901 - REINHOLD BOKNATUN	1 372 000
1902 - FELLESUTGIFTER BOKNATUN	1 041 000
3350 - PARKAR, PLASSAR OG TORG	730 000
1900 - VAKTMESTERTENESTER	710 000
3810 - KOMMUNALE IDRETTSBYGG/-ANLEGG	643 000
3320 - KOMMUNALE VEIER, MILJØ OG TRAFIKKSIKKERI	565 000
2210 - BOKN BARNEHAGEBYGG	500 000
2650 - KOMMUNALT DISPONERTE BUSTADER	- 1 086 000
ØVRIGE TENESTER	811 000
Sum rammeområde	10 292 000

Tenester VA	Budsjett 2026
3540 - TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANK	- 286 000
3530 - AVLØPSNETT	- 151 000
3400 - PRODUKSJON AV VATN	788 000
3450 - KOMMUNALT LEDN. NETT VATN	- 1 057 000
Sum VA	- 706 000

Om tenesteområdet

Totalt er det 11 fast tilsette på teknisk seksjon. Det er kommunalsjef teknisk, en teknisk rådgjevar og tre vaktmestere/driftsteknikere. Innan reinhold er det seks stillingar inkludert reinholdskoordinator.

Driftsteknikk

Tre av dei tilsette i Bokn har stillingstittelen *vaktmeister*. Dei siste åra har likevel arbeidsinnhaldet deira endra seg vesentleg. Når det gjeld vedlikehald og drift av bygga, dekkjer omgrepet *byggdriftar* betre oppgåvene dei utfører. I tillegg er dei *driftsoperatørar* for vassverket og for vatn- og avløpsanlegget. Dei har òg ansvar for vegar og uteområde, og må handtera elektroniske system for forvaltning og drift innan alle tekniske område.

Samtidig som dei blir rusta for nye krav, arbeider seksjonen kontinuerleg med å vidareutvikla serviceininga si. Det høge talet på prosjekt og stor aktivitet knytt til stadutvikling og større prosjekt i regi av Statens vegvesen fyller arbeidsdagane, i tillegg til førespurnader og hendingar frå den daglege drifta.

Vertskommunesamarbeidet med Karmøy kommune er ein viktig del av grunnlaget for å kunna levera tenester av høg kvalitet.

Reinhald

Strengt krav til regelmessig reinhald gjer området sårbart for fråvær. I utgangspunktet er det ikkje mogleg å ikkje erstatte ein reinhaldar, sjølv ved kortvarig fråvær.

Fråværstala har vist ei tydeleg reduksjon frå 2022 til 2025, og arbeidet med å oppretthalda lågt sjukefråvær blir vidareført i 2026. Samstundes skal det leggjast vekt på kompetanseutvikling og digitalisering.

Det er ei ledig stilling med låg stillingsbrøk ved Bokn skule. Ei ny stilling skal kunngjerast, som omfattar reinhald både på skulen og ved brannstasjonen når ho opnar i juli 2026.

Samandrag budsjett/hovudutfordringar i økonomiplanperioden

Dokumentkontroll

Arbeidet med å forbetre kontrollen over dokumentasjonsflyten har vorte forsinka og må vidareførast i 2026. Fokuset rettes mot gjennomgang av rutine, LAFT (det digitale systemet for drift og vedlikehald av bygg og uteområde) og stoffkartoteket EcoOnline.

Straumsparetiltak

Dei fleste av tidlegare vedtatte straumsparingstiltakene er gjennomført. Det gjenstår vurdering og eventuell etablering av solcellepanel. Dette arbeidet er igangsett og skal avsluttast i 2026.

Straumprisutviklinga blei i 2025 ikkje så lågt som estimert, noe som fører til at ein må budsjettere med noko meir utgifter for straum.

Vegar og grøntanlegg/utemiljø

Bokn kommune brukar langt mindre midlar til drift og vedlikehald av kommunale vegar enn nabokommunar eller samanliknbare kommunar i landet. Dette har ført til eit stort vedlikehaldsetterslep. For å sikra framkomst og trafikktryggleik må både omfanget og kvaliteten på tenestene vurderast.

Døme på etterslep knytt til drift og vedlikehald av grøntanlegg er gjengrodde område eller ugras i offentlege rom. Framover må det finnast løysingar som krev mindre vedlikehald. Samstundes kan samarbeidsmodellar med større brukardeltaking, til dømes dugnadsinnsats, bidra til å auka kvaliteten i det offentlege rommet.

Digitalisering og utviklinga av tenestene

Knappe ressursar og stadig aukande forventninga setter alle områder innan teknisk seksjon under sterkt press. Dette krev fokus på utvikling av dei kommunale tenestene. Det offentlege tilbodet må løpande revurderast. Samstundes arbeider seksjonen med å utføra oppgåvene på ein meir effektiv måte, med større bruk av tekniske hjelpemiddel og digitalisering.

Det er ein utfordrande balansegang mellom utføring av dei daglege oppgåvene og nødvendig fokus på langsiktig utvikling av tenestene. 2026 skal nyttast til å ta dei neste stega i framtida. Det skal leggjast stor vekt på dokumentasjon, digitalisering og effektivitet. Samstundes må ein vera innstilt på til dels merkbare prioriteringar.

Vatn og avlaup

Bokn vassverk og vassleidningsnett på Bokn er moderne, men avløpsanlegget krev – som anlegg i andre norske kommunar – mykje merksemd og ressursar i åra som kjem. Det blir derfor arbeidd med ein hovudplan og tilhøyrande handlingsplan. Nokre tiltak vil leggje grunnlaget for vidare utvikling i kommunen, særleg i Føresvik. Andre tiltak er naudsynt på grunn av forureining frå gamle anlegg. I enkelte tilfelle er det fornuftig å kopla fornying og oppgradering av avløpsnett med andre prosjekt, til dømes prosjektet *Føresvikvegen* i regi av Rogaland fylkeskommune.

Det er òg venta endringar i krav til reinsing. Dette vil krevja utbygging innan fagområdet, men med bygging av framtidsretta anlegg kan totalkostnadene over tid bli reduserte.

Teknisk seksjon samarbeider med ulike konsulentar for å utreia alternativ for framtidens avløpsløyser. Nokre tiltak er tidskriske og må leggjast inn i budsjettet, medan andre vil bli presenterte i budsjettforslag dei kommande åra. Seinare endringar i planar må takast omsyn til.

Vatn og avløp er eit sjølvkostområde, og kostnadene skal fyrst og fremst dekkjast gjennom gebyr. Budsjettforslaga vil derfor alltid ta høgd for eventuelle endringar i gebyrregulativet.

Kommunal bygningsmasse

Dei eldre kommunale bygningane i Bokn er prega av eit vedlikehaldsetterslep. Ungdomsskulen treng nytt tak, etter at lekkasjar som oppstod tidlegare blei midlertidig tetta i 2022. Dette taket kan òg vurderast i samband med eventuell etablering av solcellepanel.

Boknatunet er om lag 40 år gammalt og treng fleire større oppgraderingar i framtida. Her bør ein samtidig vurdere framtidig bruk, til dømes ved eventuell flytting av nokre kommunale funksjonar til Føresvik sentrum. Det er venta behov for eitt eller fleire større vedlikehaldsprosjekt dei kommande åra.

I 2026 er det ikkje planlagt større rehabiliteringstiltak for Boknatunet. Løpande vedlikehald blir gjennomført med midlar frå driftsbudsjettet. Knappe midlar inneber at synleg etterslep, som utette tak, vil auka, og innanfor dei eksisterande rammene kan berre naudreparasjonar gjennomførast.

Nye tiltak og innsparingar – kommunalsjefen si vurdering

Robotklipparar

Anskaffing av robotklipparar kan frigjere arbeidstid for driftspersonellet. For 2026 blir det foreslått å nytte ubemanna klipparar til fotballbanen i Føresvik og arealet rundt parkeringa ved Bokn arena. Desse kan ikkje erstatta dei øvrige klipparane i seksjonen, men talet på traktorklipparar kan reduserast frå tre til to. Om to til tre år vil det vere behov for å erstatta ein av traktorklipparane.

For driftssikker klipping av fotballbanen, som sikrar tilgjengelegheit både på dagtid og i skuledagen, trengst to robotklipparar. Arealet rundt parkeringa ved Bokn arena krev ein firehjulsdriven klippar, som også kan brukast til testing på andre areal der terrenget gjer bruk av robotklippar usikker, til dømes nærmiljøanlegget.

Den tilrådde løysinga med to klipparar på fotballbanen kostar 160 000 kr (ekskl. mva), inkludert etablering av ladestasjon med tak. Klipparen til arealet rundt parkeringa ved Bokn arena kostar 70 000 kr (ekskl. mva), også inkludert ladestasjon med tak. Den inkluderte referansestasjonen kan betena begge areala.

Kommunebuss

Bokn kommune har per i dag ein buss stasjonert ved Boknatun, til bruk for kommunale verksemder, frivillige lag og organisasjonar, samt privatpersonar. Kommunale verksemder og frivillige betaler berre drivstoffkostnader ved leige av bussen.

Bussen blir hovudsakleg nytta til transport til skulesymjing og utflukter i regi av barnehage og skule, men kan i enkelte tilfelle brukast til andre føremål. Dersom ein sjåfør får vederlag for køyring, altså køyrer i arbeidstid, stiller regelverket krav om yrkessjåfør opplæring i tillegg til førarkort D1. Dette avgrensar talet på tilsette som har lov til å køyra bussen. Samstundes er bussen gammal, og det må reknast med auka driftsutgifter framover. For å oppnå best mogleg pris bør bussen gjerne seljast før eit eventuelt havari.

Tilbodet om leige av buss er ikkje lovpålagt og blir føreslått nedlagt. Samstundes skal ei kommunal sju-seter (leasing) erstattast med ein ni-seter i 2025. Ved å leasa ein ekstra ni-seter vil det kommunale transportbehovet for elevar og barnehagebarn vere dekt. Denne løysinga er billegare å drifta enn dagens buss, samtidig som driftstryggleiken blir betra. I tillegg blir fleire sjåførar tilgjengelege, då bilane kan køyrast med klasse B-førarkort utan yrkessjåfør opplæring.

I 2025 vart det sendt ut fem fakturaer for leige av buss dei første ti månadene, med inntekter på 2 100 kr. Driftsutgiftene dei siste fem åra har vore om lag 100 000 kr årleg.

Nye investeringsprosjekta 2026 - 2035:

Overvatn Øyren

Aukande nedbørmengder har ført til ein overvassproblematikk ved fotballøkk på Øyren. Store delar av arealet blir overflødd og det tek til dels fleire dagar før vatnet er drenert. Dette medfører innskrenkingar for bruk av området. I dialog med velforeininga vart det freista å finna enkle og rimelege løysingar for utfordringane. Det har vist seg at dette ikkje lèt seg gjera. Det vart derfor spurt ein konsulentrapport som konkluderer med behov for magasinering i form av ei steinfylling på 400 m³. Estimerte kostnader for dette er 500.000 kr.

Ringledning Knarholmen

I samband med etablering av ny brannstasjon vart det registrert at det ikkje er tilstrekkeleg brannvassdekning på næringsområdet Knarholmen. Dette er eit krav som tidlegare ikkje vart følgt opp. Både brannstasjonen, men også anna etablering vil ikkje kunna få varig bruksløyve dersom dette ikkje blir retta opp.

Brannstasjonen vil få mellombels bruksløyve føresett det kan dokumenterast konkrete planar om etablering av ein god nok løysing.

Nytt hovedavlaupsanlegg Føresvik og Opparbeiding Føresvikvegen, VA eks. mva

Eit nytt hovudavlaupsanlegg for Føresvik er føresetnad for vidare sentrumsutvikling på Holmen. Prosjektet må gjennomførast tidsnær for å sikra framgang i dei første prosjekta. Eventuelle mellombelse løysingar kan takast i bruk. Desse må sjåast i samanheng med moglege langfristige og framtidsretta prosjekt for avlaup.

Slamavskilljar eks. mva (Havnavegen)

Slamavskilljaren i Havnavegen er gammal og dimensjonert i samsvar med tidlegare behov. Fare for forureining aukar med tida og det er på tide med ei fornying. Prosjektet må sjåast i samanheng med ei totalløysing for avløp i Føresvik/Alvestadkroken. Utgreiinga som allereie er starta vil visa alternativ og konkretisera kostnadene.

Andre investeringsprosjekta 2026 – 2035 (frå tidlegare budsjettframlegg):

Lagerlokaler teknisk

Teknisk har i fleire år hatt behov for betra plass til lagring av utstyr, verktøy og materiell. Per no blir det brukt lagringsplass spreidd over fleire lokasjonar, noko som har negative konsekvensar for drifta. Dessutan kan nokre av lagermoglegheitene fråfalla i nær framtid. Utstyr som må stå ut forbi er dessutan meir utsett for slitasje på grunn av innverknad av vêret. Kommunen har knapp kapasitet for lagring av materiell både innandørs og utandørs. Lagerlokalitetar bør derfor òg omfatta uteareal for lagring av eksempelvis grus. Med fordel ligg lageret sentralt og i gangavstand til oppmøtestaden til vaktmeistrane. Området bør inngjerdast og dermed blir sikra mot hærverk, tjuveri og skadar for uvedkomne.

Det blir foreslått ei utgreiing av moglegheiter i samsvar med behovet og ei gjennomføring av prosjektet i 2028. Første grove anslag for prosjektstorleiken er 4 mill. kroner (inkludert planleggingsmidlar).

Føresvikvegen 3 - riving

Bokn kommune erverva i 2023 eigedommen i Føresvikvegen 3. Bygningsmassen på eigedommen er prega av stort vedlikehaldsetterslep og utdaterte tekniske og byggt tekniske løysingar. Ei rehabilitering vil vera kostbart. Samtidig er det stor pågang i samband med sentrumsutvikling i Føresvik. Alternativet til å verna eksisterande bygningsmasse er ei heilskapleg fornying av Holmen/Viken. Dette føreset riving av bygningsmassen i Føresvikvegen 3.

Alternativ til dette må bygget og uteområda driftast. Det er per no ikkje lagt inn driftsbudsjettmidlar til dette.

Hus Torland og gammel vannverk - riving

Bokn kommune erverva tidlegare eit gammalt hus i nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Torlandsvannet. Huset står til forfall og bør fjernast for å imøtekomma eigaransvaret.

Ved bygging av nytt vassverk vart det gamle ståande ubrukt. Bygget har ingen nytteverdi og burde rivast før det forfell og blir til ein fare og sjenanse for passerande. Rivinga av bygget krev noko graving. I samband med rivinga skal det etablerast parkeringsplass for turgåar til Boknafjellet på same staden der det gamle vassverket står no.

I 2018 vart det innhenta pris for riving av begge bygga på 350.000 kr.

Omorganisering Bokn barnehage

Barnehagens infrastrukturell organisering svarer ikkje til dagens pedagogiske opplegg. Det er kome nye lovar og ny rammeplan. Dessutan er nokre tekniske løysingar foreldet. Det blir foreslått planleggingsmidlar for å ta ein gjennomgang av behov og løysingsmoglegheiter. Gjennomføring av

prosjektet blir foreslått til eit seinare tidspunktet, innlagd budsjett for året 2027 er eit veldig grovt estimat.

Rehabilitering/ombygging Boknatun

Boknatun er om lag 40 år gammalt og står framfor fleire større oppgraderingar i åra som kjem. Samstundes bør ein vurderer framtidig bruk av bygget, til dømes om enkelte kommunale funksjonar bør flyttast til Føresvik sentrum.

Det er venta behov for eitt eller fleire større vedlikehaldsprosjekt i komande år. Døme på dette er eit utdatert ventilasjonsanlegg og røyrleidningar som bør skiftast ut. Mange løysingar er ikkje lenger tidsriktige, og vedlikehaldskostnadene aukar over tid.

Budsjettala som er føreslått for 2032 og 2033 byggjer ikkje på konkrete kostnadsvurderingar, men vil avhenga av framtidsplanane for bygget. Beløpa er meint som ei indikasjon på framtidig behov, og det er mogleg at dei reelle rammene for prosjektet vert høgare enn det som er lagt til grunn i forslaget.

Kyrkjebygd - rivning

Hovedbygget blir per tida nytta for ungdomsklubben PETRA. Andre etasje blir lånt ut til Bokn hjelper Ukraina. Tredje etasje blir brukt av Bokn vevstova. I annekset lagrar kommunen materiell og det blir brukt som depot for Frilageret.

Tilboda er ikkje lovpålagt, men det er inngått ein avtale med Frilageret. For dei andre aktivitetane må det vurderast om og for kva delar det skal leitast etter alternativ areal. Uansett føreset avslutning eller endring av tilbodet dialog med brukargruppene.

Det vart ikkje brukt midlar for vedlikehald av bygga dei siste åra og dei er i utidsmessig og dårleg forfatning. Det blir foreslått rivning før det eventuelt blir nødvendig med kostbare straks- eller sikringstiltak.